Miljø-
direktoratet

Miljødirektoratets tilråding til Klima- og miljødepartementet om etablering av

STAD MARINE VERNEOMRÅDE

29. juni 2023

Miljø-
direktoratet

Innhald

1 Forslag 4
2 Heimelsgrunnlag og bakgrunn for verneforslaget 4
2.1 Relevante tiltak 6
2.2 Kunnskapsgrunnlag 7
2.3 Verneverdiar 9
3 Saksbehandling 9
4 Viktige endringar under planprosessen 10
4.1 Avgrensing og arealomfang 10
4.2 Verneforskrifta 12
4.3 Namnsetjing 14
5 Høyringsinnspel 14
5.1 Høyringspartar og uttalar 14
5.2 Merknader til høyringsforslaget med kommentarar 15
5.2.1 Generelle merknader og haldningar til vern 15
5.2.2 Tarehausting og forslag til avgrensing av området 15
5.2.3 Fiskeri og akvakultur 17
5.2.4 Fysiske inngrep 17
5.2.5 Kulturminne 20
5.2.6 Verneverdiar 20
5.2.7 Andre forhold knytt til forslaget til verneforskrift 21
5.2.8 Forvaltningsstyresmakt 22
6 Samfunnsøkonomiske vurderingar 23
6.1 Problemformulering 23
6.1.1 Eigenskapar ved området 23
6.1.2 Påverknadsfaktorar og trugsmål mot verdiane i området Stad 25
6.1.3 Nullalternativet 26
6.2 Målsetningar 26
6.3 Relevante innretningar for det føreslegne verneområdet 27
6.4 Prinsipielle spørsmål 28
6.5 Positive og negative verknadar av vern 29
6.5.1 Tarehaustingsnæringa 30
6.5.2 Naturarv og ikkje-bruksverdiar (naturmangfald) 34

6.5.3 Andre økosystemtenester 38
6.5.4 Fiskeri og akvakultur 40
6.5.5 Sjøfart, tekniske installasjonar og fysiske inngrep 41
6.5.6 Administrative og forvaltningsmessige kostnadar 42
6.6 Samla vurdering av ulike verknadar 43
7 Forvaltnings- og budsjettmessige vurderingar 46
7.1 Forvaltningsstyresmakt 46
7.2 Forvaltningsplan og kartlegging 46
7.3 Kostnader, medrekna erstatning 46
8 Miljødirektoratets tilråding 47
9 Referanseliste 50
10 Vedlegg 50

Miljø-
direktoratet

1 Forslag

Miljødirektoratet tilrår at Stad marine verneområde vert oppretta med heimel i Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova).

Det føreslegne marine verneområdet omfattar eit sjøareal på 166,7 km^2, alt er nytt verneareal.

Øvre avgrensing av området er føreslått til to meter under sjøkartnull, unntatt der verneområdet er trekt utanom fiskerihamner og annan infrastruktur (grensa går djupare), og der verneområdet grenser til naturreservat på land (grensa går grunnare: opp til normal flo). Det inneber at privat grunn er omfatta i avgrensa omfang.

2 Heimelsgrunnlag og bakgrunn for verneforslaget

Norske kyst- og havområde har stor variasjon av naturtypar og levestader for arter. Faktorar som temperatur, saltinnhald, tilgang på lys, forskjellar i tidevatn og botntypar påverkar kva som finst kor. Floraen og faunaen langs kysten vår endrar seg i tillegg etter breiddegrad og til dels lengdegrad, frå den ytre sokkelen, til innerst i fjordbotnen, og frå sjøkanten der tidevatnet fell og flør, til djupe basseng på sokkelen og i fjordar. Døme på spesielle marine verneverdiar er kaldvasskorallrev, som finst både inne i fjordane og ute på sokkelen. Mangfaldet av naturtypar, artar og genar har utvikla seg gjennom lang tid. Å bevare representative område sikrar dette mangfaldet for generasjonar som kjem etter oss. Bevaring bidreg i tillegg til å sikre område av spesiell verdi for plantar og dyr og sårbare og trua naturtypar i område av internasjonal, nasjonal og regional verdi.

Området vert foreslått verna som marine verneområde med heimel i naturmangfaldlova § 39.

Det går fram av § 39 at det kan opprettast verneområde i sjø for å beskytte marine verneverdiar, medrekna naturverdiar som er økologiske føresetnader for landlevande artar. Eit bredt spekter av verneføremål er lista opp i § 39. Marine verneområde kan omfatte sjøbotn, vassøyle, overflate eller ein kombinasjon av desse.

Det føreslegne marine verneområdet Stad, tilfredsstiller vilkåra i § 39 bokstavane b, c, d og f:

b) inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur,
c) representerer ein bestemt type natur,
d) på ein annan måte har særleg betydning for biologisk mangfold,
f) har særskilt naturvitskapleg verdi.

Det føreslegne verneområdet skal bidra til å nå fleire av dei lovfesta måla for områdevern i naturmangfaldlova § 33. Dei mest aktuelle måla for Stad, er at vern av området skal bidra til bevaring av:

a) variasjonsbreidda av naturtypar og landskap,
b) artar og genetisk mangfald,
h) referanseområde for å følgje utviklinga i naturen.

Måla heng saman med dei nasjonale måla for områdevern og internasjonale forpliktingar, jf. naturmangfaldlova § 46. Vern av det føreslegne området bidreg til å oppfylle nasjonale mål og internasjonale forpliktingar i:

- Fleire stortingsmeldingar, medrekna St.meld. nr. 37 (2008-2009) *Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Norskehavet (forvaltningsplan)*, jf. Innst. S. nr. 362 (2008-2009), Meld. St. 14 (2015-2016) *Natur for livet. Norsk handlingsplan for naturmangfold* (i det følgjande omtalt som naturmangfaldmeldinga), jf. Innst. 294 S (2015-2016) og Meld. St. 35 (2016) *Oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet*, jf. Innst. 455 S (2016-2017) og Meld. St. 29 (2020-2021) *Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige områder for marin natur*.
- Prop. 1 S (2022-2023) for Klima- og miljødepartementet.
- Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD).
- Verdas naturvernunion (IUCN).
- FN sine berekraftsmål, medrekna mål 14.

Vern av området vil bidra til å oppfylle følgjande nasjonale mål under resultatområdet Naturmangfald, jf. Prop. 1 S (2022-2023) for Klima- og miljødepartementet: *«Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar»*.

I naturmangfaldmeldinga vert det peika på at dette handlar om å bevare eit utval av naturområde som viser variasjonsbreidda i norsk natur, det vil seie eit representativt utval. Vern vil også bidra til dei nasjonale måla om bevaring av økosystem og artar og naturtypar.

Det går fram av naturmangfaldmeldinga at tverrsektorielt marint vern etter naturmangfaldlova § 39, skal bidra til at et utval av representative, særeigne, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet blir tatt vare på for framtida.
I meldinga om bevaring av viktige område for marin natur blir det peika på at:

> *«Marin verneplan frå 2004 skal halde fram. Av dei 36 kandidatområda som inngår i marin verneplan frå 2004, er så langt 16 verna etter naturmangfaldlova og 3 beskytta etter havressurslova. Nokre av dei resterande områda kan ikkje vernast etter naturmangfaldlova fordi dei ligg utanfor territorialgrensa. For mellom anna å utgjere eit representativt utval av naturtypane i norske havområde må områda i marin verneplan også supplerast med fleire område.»*

Av meldinga følgjer det også at regjeringa vil:

> *«Ta sikte på å innan 2024 ha starta opp verneprosessar for dei resterande områda som inngår i verneplanen frå 2004, basert på kunnskapen vi har i dag om naturverdiar og relevant aktivitet.»*

Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) er ein global avtale om bevaring og berekraftig bruk av biologisk mangfald. På partsmøtet (COP10) hausten 2010 vart landa einige om nye mål for

2020, mellom anna Aichi-mål 11 om å sikre eit effektivt og representativt vern av 10 prosent av verdens kyst- og havområde. FN sine berekraftsmål, samsvarar også med dette. På partsmøtet under CBD i desember 2022, vart det semje om eit nytt globalt rammeverk, Kunming-Montreal rammeverket, og nye mål, mellom anna at 30 prosent av verdens hav skal vernast eller bevarast.

Av Noregs sjøareal innanfor territorialgrensa på totalt 145 458 km², er 6 503 km² verna. Dette utgjer om lag 4,5 prosent av sjøarealet. Det føreslegne marine verneområdet Stad omfattar eit nytt sjøareal på om lag 167 km^2. Gjennomføring av dette vernet vil innebere at verna sjøareal aukar til 6 670 km^2, som utgjer om lag 4,6 prosent av sjøarealet innanfor territorialgrensa.

Etter vedtatt vern er området aktuelt for innmelding i Oslo-Pariskonvensjonen (OSPAR) sitt nettverk av «Marine protected areas».

2.1 Relevante tiltak

Klima- og miljødepartementet har ved oppdrag om arbeid med marint vern lagt til grunn at det er områdevern etter naturmangfaldlova som skal vurderst, og da spesielt naturmangfaldlova § 39 (marine verneområde).

Skal ein nå det nasjonale målet om å ta vare på eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar, er det ei forutsetning at naturverdiane i dei aktuelle områda får langsiktig beskyttelse. Oppfatninga er at utan langvarig vern, ved å la dagens forvaltning forsette, vil ikkje det gje tilstrekkeleg heilskapleg og føreseieleg beskyttelse for å sikre naturverdiane i områda i eit langsiktig perspektiv og det vil ikkje bidra til at det nasjonale målet om representativ bevaring blir oppnådd.

Miljødirektoratet si vurdering er at representativ bevaring i eit langsiktig perspektiv krev ei klar prioritering av miljøomsyn og verneverdiar og eit nasjonalt blikk. Det vil vere vanskeleg å ivareta gjennom plan- og bygningslova og sektorregelverk. Det følger også av nasjonal politikk at områdevern etter naturmangfaldlova er eit viktig verkemiddel i arbeidet med representativ bevaring av marin natur. Bruk av plan- og bygningslova har eit anna tidsperspektiv enn vern etter naturmangfaldlova. Plansystemet er lagt opp slik at planer etter plan- og bygningslova skal rullerast. Kommunens syn på kva som er god arealbruk kan og vil variere med lokalpolitisk samansetning og med kommunens behov over tid.

I naturmangfaldmeldinga vert det peika på også andre moglege verkemiddel enn områdevern for å oppnå eit meir representativt vern, mellom anna beskyttelse av korallar etter fiskerilovgivinga[1] . Fiskerilovgivinga er allereie brukt til å beskytte ei rekkje korallrev. Marine område kor beskyttelsen berre gjeld nærmare reglar om utøving av fiske, vert fastsett etter havressurslova, jf. naturmangfaldlova § 39. Bruk av sektorverkemiddel kan vere tilstrekkeleg der trusselen mot naturen i det alt vesentlege skyldast éin type inngrep eller verksemd. I slike tilfelle er det mellom anna naudsynt at det gjeld langsiktig beskyttelse mot denne påverknaden. Samstundes framhevar naturmangfaldmeldinga områdevern (i tillegg til prioriterte artar) som det einaste

[1] Havressurslova § 19

verkemiddelet som gir ei langsiktig bevaring mot påverknader på tvers av sektorar. Reglane om prioriterte artar i naturmangfaldlova er knytt til spesifiserte artar. Det kan gis reglar om beskyttelse av økologiske funksjonsområde for artane, men ikkje i sjø.

Som det går fram av kapittel 6.1.2, kan potensielle påverknadsfaktorar og trugsmål mot verneverdiane i det føreslegne området relaterast til tiltak eller verksemder som regulerast av ulike sektorregelverk.

I Innst. 557 S (2020-2021) peiker energi- og miljøkomiteen på at 36 utvalde områder av marin natur trenger særleg beskyttelse. Miljødirektoratet viser også til Meld. St. 29 (2020-2021) *Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur*, kor det kjem til uttrykk at:

> *Marint vern etter naturmangfaldlova skal bidra til at eit utval av representative, særeigne, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet blir tekne vare på for framtida. Områda skal – saman med areal som er beskytta etter anna lovverk – danne eit nettverk av verna og beskytta område som skal ta vare på økosystem og naturverdiar. Områda skal dekkje variasjonsbreidda i norsk marin natur.*

Områdevern etter naturmangfaldlova peiker seg dermed ut som det mest egna verkemiddelet i denne saka, og det er § 39 (marine verneområde) som er aktuell vernekategori.

Vern av Stad vil ikkje kunne sikre naturmangfaldet mot endra klima, men kan ved at andre trugsmål blir redusert, gjere at området vil være meir robust mot uheldige effektar av klimaendringane. FNs klimapanel har peika på at sjølv om marine verneområde ikkje kan forhindre ekstremhendingar som marine hetebølgjer, kan dei gi marine plantar og dyr ein betre moglegheit til å tilpasse seg klimaendringane utan å måtte ta omsyn til andre stressfaktorar.

Vern sikrar heller ikkje området mot tilførsle av næringssalt, søppel og miljøgifter utanfrå. Dette er tilhøve som vert regulert gjennom anna lovverk i den grad det let seg regulere, til dømes forureiningslova. Vassforskrifta er vidare eit verkemiddel for å sikre god miljøtilstand gjennom heilskapleg bruk av sektorverkemiddel basert på felles kunnskapsgrunnlag.

2.2 Kunnskapsgrunnlag

Det føreslegne marine verneområdet Stad er eitt av dei 36 områda som det partssamansette Rådgivende utvalg for marin verneplan i tilrådingar frå 2003 og 2004 anbefalte tatt med i første fase av marin verneplan[2] .

Val av område vart mellom anna gjort på bakgrunn av ei analyse av utbreiinga av 4 370 botnlevande marine artar. På bakgrunn av denne informasjonen, vart kysten delt inn i tre biogeografiske (provinsar) regionar. Området Stad ligg i Vestnorsk subprovins.

[2] https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/vernet-natur/marint-vern/

Potensielle område vart delt inn i seks kategoriar. Utvalet la vekt på at det skulle veljast ut område frå kvar av dei seks kategoriane innan kvar av dei tre biogeografiske regionane. Området Stad vart plassert i kategorien «Åpne kystområder».

Utvalet peikte på at det vil ta mange år før ein har god oversikt over det biologiske mangfaldet i våre marine område, og la til grunn at det er kjent at det er ein samanheng mellom førekomst av plantar og dyr og botnforholda generelt. Ulike organismar finst på mudderbotn, sandbotn, stein- og grusbotn og fjellbotn. Andre fysiske miljøtilhøve, som lys, djupne, saltinnhald og havstraumar, speler også avgjerande roller for førekomst og utbreiing av artar. Botntopografi og botnforhold er i store trekk kjende i norske kyst- og havområde, sjølv om detaljert kartlegging i mange område ikkje er gjennomført. Ved å vektlegge informasjon om geologi og geomorfologi, kan ein generelt forvente at det indirekte vert tatt omsyn til artar og mangfald, sjølv om dette ikkje er spesielt kartlagt. Ved gjennomgangen og prioriteringa av områda innan kvar kategori, vart det gjort kryssreferansar til liknande lokalitetar innan andre kategoriar for å ha best mogleg samla oversikt.

Utvalet foreslo på dette grunnlaget at 36 område vart tatt med i første fase av arbeidet med marin verneplan, som har hovudfokus på areal innanfor 12 nautiske mil. Dei 36 områda i utvalet sitt forslag er vurdert som rimeleg dekkjande når det gjeld representativitet for kystområde og territorialfarvatn. Utvalet peikte likevel på suppleringsbehov i form av både konkrete geografiske område og kategoriar av områder frå ulike delar av landet.

Kunnskap om naturtilhøva i området er samanstilt i tilrådingane frå Rådgivande utval for marin verneplan frå 2003 og 2004. Dei seinare åra er kunnskapsgrunnlaget vesentleg utvida ved at det, etter oppstartsmeldinga vart sendt ut, er gjennomført ulike kartleggingar rundt Stad. Resultata av disse registreringane har gjort at vernegrensa har blitt føreslått utvida. Fire kartleggingsrapportar har vore produsert i samband med verneplanprosessen:

- Kandidatområde for marint vern ved Stad i Sogn og Fjordane. Kartlegging av marint naturmangfald frå videomateriale til NGU. (Rådgivende Biologer AS 2019, rapport nr. 2846).
- Kandidatområde for marint vern ved Stad i Sogn og Fjordane. Kartlegging av marint naturmangfald i grunne område. (Rådgivende Biologer AS 2019, rapport nr. 2847).
- Kandidatområde for marint vern ved Stad i Sogn og Fjordane. Kartlegging av marint naturmangfald i grunne område ved Fureneset-Lunden. (Rådgivende Biologer AS 2019, rapport nr. 2992).
- Kartlegging av korallforekomster sør for Stad. (Rådgivende Biologer AS 2021, rapport nr. 3464).

Rapportane er tilgjengelege her: https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-verneomrade/marint-vern/stad-kandidatomrade-for-marint-vern2/

Miljø-
direktoratet

2.3 Verneverdiar

Det føreslegne marine verneområdet Stad har naturverdiar som gjer at gjennomføring av vern vil bidra til å oppfylle nasjonale og internasjonale mål om vern, og bidra til representativ bevaring av kystområde og territorialfarvatn.

Stad er ein særs god representant for dei mest eksponerte delane av kysten. Farvatnet er delvis grunt, og har særeigne bølgjetilhøve på noko av den mest vêrharde kysten i Noreg, der landskap og mangfald ber preg av det.

Området utgjer den inste delen av kontinentalsokkelen kring Stad, der dei mest landnære areala har ei djupne < 50 meter, og ytst mot storhavet er djupna kring 200 meter. Sør for Stadlandet inkluderer verneforslaget ei aust-vestleg djupvassrenne frå Djupeskallen og inn på nordsida av Sildegapet. Dei sentrale delane av renna er ned mot 300 meter djup. Langs nordsida av renna er det ei bratt skråning og på sørsida av renna er det mange små rygger og åsar.

Mykje av det særprega biologiske mangfaldet er knytt til havbotnen, mellom anna korallrev, spesielle kalkalgar og store areal med tareskog. Dette er viktige oppvekst- og beiteområde for eit mangfald av marine artar. Det er registrert nasjonalt verdifull stortareskog og det er kartfesta raudlista artar som til dømes djupvasskorallen augekorall, *Lophelia pertusa*. Videre inneheld området blautbotnområde og ålegrasenger. Området kring Stad inneheld også førekomstar av sokne torvmyrar. Dette er eit element som er spesielt og sjeldsynt i Noreg, sidan dette er eit av dei få kystavsnitta der havet har trengt inn over land etter den siste istida.

Føremålet med vern av området er å ta vare på eit spesielt kystområde med trua, sjeldan og sårbar natur med eit rikt dyreliv, og som representerer naturtypar av særskilt naturvitskapleg verdi. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som studieområde for forsking og overvaking, medrekna referanseområde for å kunne studere effektar av tarehausting.

3 Saksbehandling

Klima- og miljødepartementet ga oppdrag om oppstart av planarbeidet for Stad 18.04.17 og Miljødirektoratet ga oppdrag til Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen) 20.04.17.

Melding om oppstart av planarbeidet vart kunngjort og sendt lokale og regionale høyringsinstansar frå Statsforvaltaren i november 2017. I meldingsfasen hadde Statsforvaltaren møte med tidlegare Selje kommune, og inviterte til ope informasjonsmøte på Leikanger. Statsforvaltaren hadde møte med Selje kommune og Fiskeridirektoratet region Vest i juni 2019. På møtet vart ein samde om å halde ei synfaring med lokale representantar, fiskenæringa og taretrålnæringa. Synfaringa vart halden i september 2019. Statsforvaltaren hadde møte med Stad kommune i juni 2021.

Miljø-
direktoratet

På bakgrunn av kartlegging av verdifullt naturmangfald i djupet i Sildegapet, som også omfattar areal i Kinn kommune, oppretta Statsforvaltaren dialog og hadde møter med kommunen hausten 2021.

Oppsummering av innspela frå oppstartsmeldinga var eit viktig grunnlag for vidare kartlegging av naturverdiar i området, og dermed også den etterfølgjande høyringa.

Verneforslaget vart sendt på høyring 09.02.22 med høyringsfrist 12.05.22. I samband med høyringa inviterte Statsforvaltaren, i samarbeid med Stad kommune, til eit ope møte i Leikanger i mars 2022. Statsforvaltaren sendte tilråding til Miljødirektoratet 30.09.22.

Møte mellom Dupont Nutrition Norge og Miljødirektoratet om hausting av stortare ved Stad blei gjennomført 31.03.23, og i etterkant av møtet sende Dupont oppdaterte opplysningar om haustinga. For oppklarande spørsmål, blei det gjennomført eit nytt møte 12.05.23.

4 Viktige endringar under planprosessen

4.1 Avgrensing og arealomfang

Det vart meldt oppstart av planarbeidet for et sjøareal på 114,5 km^2, kor det vart tatt utgangspunkt i avgrensinga frå Rådgivende utvalg for marin verneplan. På bakgrunn av innspel til oppstartsmeldinga og nye kartleggingar av verneverdiar (mellom anna stortareskog og korallførekomstar) vart arealet utvida, slik at verneforslaget som vart sendt på høyring omfatta 166,7 km^2, sjå Figur 4-1.

Figur 4-1: Stipla linje angir sørleg grense for verneområdet foreslått av Rådgivande utval (114,5 km²). Området blei so utvida i sør. Blå linje angir vernegrensa i Statsforvaltarens tilråding (166,7 km²). Grøn linje viser grensa ved Stålet.



I oppstartsmeldinga frå 2017 ga Statsforvaltaren uttrykk for at det prinsipielt ikkje bør haustast i det mest produktive habitatet i eit marint verneområde, men av omsyn til næringa vart det føreslått å opne for taretråling aust for Stålet (nordlegaste punktet på Stad), slik Rådgivande utval for marin verneplan hadde anbefalt.

Etter oppstartsmeldinga blei det som tidlegare nemnt foreslått ei utviding av vernegrensa mot sør, med bakgrunn i viktige naturverdiar, totalt areal 166,7 km². Det blei i denne omgangen igjen foreslått opning for taretråling aust for Stålet, med eit forbod i resten av det føreslegne verneområdet. Det var dette som blei sendt på høyring i 09.02.2022.

Etter høyring har **Statsforvaltaren** tilrådd at avgrensinga blir som i høyringsforslaget.

Miljødirektoratet har vurdert ulike avgrensingsalternativ, og sluttar seg til Statsforvalterens forslag, sjå kap. 6.

Miljø-
direktoratet

4.2 Verneforskrifta

På bakgrunn av innspel om språklege presiseringar i høyringsrunden, og for å harmonisere ordlyd med dei siste vernevedtaka og saker som man arbeider med i fylket, har **Statsforvaltaren** etter høyring foreslått følgjande endringar:

- I geografisk avgrensing i § 2 vert rekkefølgja endra slik at første og siste ledd bytter plass. Setninga «Ved desse eigedomane er også landareal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) inkludert.» vert lagt til sist i det som etter endringsforslaget blir siste ledd.
- Andre ledd første punktum under § 2, vert endra frå: *«Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på 166,7 km² med grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt der det marinverneområdet grensar til naturreservat på land, der også landareal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) er inkludert.»* til: *«Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på 166,7 km². Verneområdet har grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt der verneområdet er trekt utanom fiskerihamner og annan infrastruktur og der verneområdet grensar til naturreservat på land.»*
- I § 4 bokstav g, vert orda «for småbåt» lagt til i slutten av setninga.
- I § 4 bokstav j, vert «vann- og avlaupsleidningar» lagt til som døme på eksisterande anlegg og innretningar.
- I § 5 bokstav e, vert ordet «småbåthamn» endra til «småbåtanlegg».
- § 5 bokstav i, vert flytta opp og blir ny bokstav f. Bokstavrekkefølgja vidare vert dermed endra som følgje av dette.

Miljødirektoratet tilrår nokre endringar i forslaget til verneforskrift, samanlikna med Statsforvaltarens forslag:

- I § 2 andre ledd er har vi gjort endringar for å få ein meir presis beskriving av grensene til verneområdet. Vårt forslag til ny ordlyd lyder:

  Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på 166,7 km². Verneområdet har grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt der:
  - *Grensene er trekt utanom fiskerihamner og annan infrastruktur.*
  - *Vernet grenser inntil Dekkjene naturreservat; avgrensinga femner om tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo).*
  - *Vernet grenser inntil Tungevåg naturreservat og Høgfjellet naturreservat; det marine verneområdet har felles grense med disse naturreservata i sjø.*
- I § 2 siste ledd har vi strøket *"Ved desse eigedomane er også landareal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) inkludert",* fordi dette no kjem fram av § 2 andre ledd andre strekpunkt.
- I § 3 første ledd bokstav c, har vi
  - i innleiinga strøket *"... og inngrep som kan skade verneverdiane"* for å tilpasse til sist vedtekne forskrift for marint verneområde
  - strøket *"Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande"* for å tilpasse til sist vedtekne forskrift for marint vern. At lista ikkje er uttømande kjem også fram av at det i innleiinga til opplisting står "som t.d.".

Miljø-
direktoratet

- I § 3 siste ledd har vi strøket *"Miljødirektoratet kan av omsyn til korallførekomstar ved forskrift regulere eller forby verksemd i det marine verneområdet"* . Grunngivinga for dette kjem fram i eige avsnitt nedanfor.
- I § 4 første ledd bokstav c har vi bytt "andre lover og forskrifter" til *"anna gjeldande lovverk"* for å bruke same ordlyd som i sist vedtekne forskrift for eit marint verneområde.
- I § 4 første ledd bokstav c nummer 1, har vi for å gjere føresegna meir presis/tydeleg endra ordlyden til *"hausting av stortare vest for Stålet, inkludert området på sørsida av Stad, jf. vernekartet, likevel ..."*.
- I § 4 første ledd bokstav c nummer 2, har vi endra ordlyden til *"bruk av reiskap som slepast under fisket og i den forbindelse kan røyre botnen, ..."* for å gjere ordlyden meir presis.
- I § 4 første ledd har vi strøket eksempla fordi vi har fått opplyst at Statsforvaltaren ikkje er kjend med at det faktisk er denne type anlegg i det føreslegne området. Dersom det skulle vise seg at det er slike anlegg på vernetidspunktet, vil dette likevel vere omfatta av føresegna som "eksisterande anlegg og innretningar".
- I §§ 6 og 7 har vi i tilvisinga til høvesvis naturmangfaldlova § 48 og § 47 føyd til *"i samsvar med"* for å bruke same ordlyd som i sist vedtekne forskrift for eit marint verneområde. I § 6 har vi også gjort ein språkleg endring for å bruke ordlyden som er brukt i dei sist vedtekne verneforskriftene for naturreservat.

I samband med arbeidet med nye forskriftsmalar for verneområde er det gjort ei vurdering av kor langt naturmangfaldslova opnar for å delegere myndigheit til å endre vedtekne verneforskrifter. Dette er bakgrunnen for at vi har føreslått å stryke føresegna i § 3 siste ledd kor det var føreslått å gje Miljødirektoratet myndigheit til regulere eller forby verksemd av omsyn til korallførekomstar. Det følgjer av naturmangfaldlova § 34 at "Kongen i statsråd fastsetter det enkelte verneområde, jf. §§ 35 til 39, ved forskrift". Det betyr at heimelen til å gjere vedtak om nytt vern eller endre gjeldande verneforskrifter ikkje kan delegerast vidare til underliggjande forvaltningsorgan. I 2013 vart gjort ei lovendring i § 34. Det vart teke inn eit nytt sjette ledd som opna for å delegere myndigheit til å gjennomføre visse mindre endringar i verneforskrifta. Den nye føresegna i § 34 sjette ledd omfattar ikkje regulering av aktivitetar i eit verneområde. Dette inneber at § 34 vil vere ei delegeringssperre, dvs. at myndigheit til slike reguleringar ikkje kan delegerast til Miljødirektoratet med mindre lova blir endra på dette punktet. I praksis betyr føresegna i naturmangfaldslova § 34 sjette ledd at føresegner i verneforskrifter som gir Miljødirektoratet myndigheit til å regulere aktivitet av omsyn til korallførekomstar, ikkje lenger gjeld. Eventuelle reguleringar av slik aktivitet i eksisterande verneområde må derfor vedtakast av Kongen i statsråd. For forvaltningsstyresmakta for verneområde vil dette ikkje innebere noka praktisk endring. Eventuelle behov for endringar i verneforskriftene må framleis fyrst blir tatt opp med Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil då, i samråd med Klima- og miljødepartementet, vurdere om det er aktuelt å starte ein prosess. Ein prosess for å få endra forskrifta vil likevel kunna ta lengre tid. Tilsvarande føresegner i verneforskrifter for tidlegare vedtekne marine verneområde har ikkje vore nytta.

I utkastet til forskrift står setninga *"Grensene for det marine verneområdet går fram av kart ..."* i § 2 første ledd, slik Statsforvaltaren har føreslått. Vi vil til dette peike på at i dei sist vedtekne forskriftene for marine verneområde så står dette i sist ledd. I dei sist vedtekne forskriftene for naturreservat er dette teke inn som del av andre ledd.

Miljø-
direktoratet

4.3 Namnsetjing

Under prosessen er det ikkje foreslått endring av skrivemåten «Stad».

5 Høyringsinnspel

5.1 Høyringspartar og uttalar

Forslaget om Stad marine verneområde vart sendt ut på lokal og sentral høyring. Høyringa var annonsert i lokalaviser, både i papiravis og i digital utgåve. Det kom også høyringsinnspel på papir under folkemøtet i Leikanger. Både Statsforvaltaren og Stad kommune hadde oppslag om høyringa og om folkemøtet på heimesidene.

Det kom inn 20 separate innspel til høyringa innan den utvida høyringsfristen.

Følgjande sendte uttale til høyringa: Oljedirektoratet, Hoddevik Velforeining, Riksantikvaren, Bergen sjøfartsmuseum, Statens vegvesen, Torstein Fure, Hoddevik grunneigarlag, Direktoratet for mineralforvaltning, Møre og Romsdal fylkeskommune, Kystverket, Mattilsynet, Betty Hessevik, Eltvik Velforeining, Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE), Dag Austring, Knut Eltvik og Øyvind Hansen og Betty Hessevik, Nordfjord Fiskarlag, Kjetil F. Drage og Marianne B.F. Drage, Stad kommune og Fiskeridirektoratet region Vest.

I tillegg gav desse innspel til oppstartsmeldinga: Hoddevik Velforeining, Lapoint Surf Camps Opplysningsvesenets fond, Sjøfartsdirektoratet, Kystverket, Statens kartverk, Nordfjord Fiskarlag, Sogn og Fjordane Fiskarlag, Direktoratet for mineralforvaltning, Bergen sjøfartsmuseum, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, NVE, 23 grunneigarar langs Fureneset – Liset, Magnus Fure, Olav Ervik, Dupont Nutrition Norge og Fiskeridirektoratet region Vest.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Dupont Nutrition Norge har ikkje komme med nye innspel i høyringsfasen. Miljødirektoratet har i etterkant av Statsforvaltarens tilråding hatt kontakt med Dupont og fått oppdaterte opplysningar om tarehaustinga ved Stad.

Kinn kommune uttalte seg i etterkant av Statsforvaltaren si tilråding til Miljødirektoratet. Stad kommune har sendt ny uttale i etterkant av Statsforvaltaren si tilråding. Kopi av høyringsinnspel og uttaler er vedlagt.

5.2 Merknader til høyringsforslaget med kommentarar

5.2.1 Generelle merknader og haldningar til vern

Riksantikvaren, Oljedirektoratet, Statens vegvesen, Direktoratet for mineralforvaltning, Møre og Romsdal fylkeskommune, Mattilsynet, Noregs Vassdrags- og Energidirektorat og Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje uttrykt haldningar til om området skal vernast eller ikkje.

Ingen har uttalt seg generelt negativt til vern av Stad som marint verneområde, men Dupont Nutrition Norge er negative til forslaget om utvidinga i sør med forbod mot hausting av stortare. Fiskeridirektoratet region Vest er positiv til vern, men negative til utvidinga av verneforslaget med forbod mot hausting av tare, og har foreslått vern av eit avgrensa område i vestre del.

Statsforvaltaren oppfattar det slik at Stad kommune, Hoddevika Velforeining, Bergen sjøfartsmuseum, Hoddevik grunneigarlag, Kystverket, Eltvik Velforeining, Nordfjord Fiskarlag er positive til vern av Stad. Det same gjeld for enkeltpersonar som har gitt innspel i saka.

Sogn og Fjordane fylkeskommune tok varsel om oppstart av verneplanprosessane til vitande. Etter oppstart ble Sogn og Fjordane fylkeskommune samanslått til Vestland fylkeskommune. Dei har ikkje kome med høyringsinnspel til verneplanen.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er store konfliktar med marint vern kring Stad, med unntak for taretråling (hausting av stortare).

Miljødirektoratet viser til Statsforvaltarens kommentar. Kinn kommune handsama saken i etterkant av Statsforvaltaren si tilråding, og stiller seg også positive til vern. Konsekvensar for ulike interesser i det føreslegne verneområdet er vurdert i kap. 6.

5.2.2 Tarehausting og forslag til avgrensing av området

Velforeiningar, grunneigarlag, privatpersonar og fiskarlag som har uttald seg, støttar forslaget om forbod mot hausting av stortare. Dei peikar mellom anna på at tareskogen har ein bølgjedempande effekt og reduserer faren for erosjon og stormskadar i strandområda, samt at tareskog er viktige oppvekstområde for fisk og skaldyr. Nokre av dei ønskjer forbod i heile det føreslegne verneområdet, og trekk òg fram føre-var-prinsippet som eit argument for å forby taretråling, då dei meiner at det er usikkert kva effekt taretråling vil ha på økosystemet og naturmangfaldet i området på lang sikt.

Stad kommune er også positiv til ei utviding av vernegrensa og eit forbod mot hausting av stortare i heile verneområdet. Med bakgrunn i at det ikkje blir tillate botntråling i heile det føreslegne verneområdet, stiller kommunen spørsmålsteikn ved at det blir opna for taretråling i delar av området. Kommunen har sendt ny uttale i etterkant av Statsforvaltarens tilråding, der dei gjentek ønsket om forbod mot hausting av stortare i heile området og påpeiker at Statsforvaltarens tilråding ikkje er i tråd med dette.

Fiskeridirektoratet region Vest og Dupont Nutrition Norge er ikkje positiv til utviding av vernegrensa mot sør, dersom det blir forbod mot hausting av stortare. Fiskeridirektoratet region Vest viser til haustingsdata som viser at området er viktig for tarenæringa. Ved å ikkje tillate hausting på vestsida av Stålet, vil dette kunne leggje press på andre haustingsfelt langs kysten. Dette støttar Dupont i sitt innspel, som påpeikar ein pressa råvaresituasjon. Fiskeridirektoratet region Vest foreslår ei ny vernegrense som omfattar ein avgrensa del av det føreslegne verneområdet, for at dei haustingsfelta som har størst nytte for tarehaustinga framleis kan vere opne. Dupont meiner at marint vern kan opprettast samtidig som det blir drive taretråling, då grindtrål som blir brukt i hausting, ifølgje dei ikkje har påvist negativ effekt.

Det har kome frå innspel frå enkeltpersonar i Eltvik-området om å utvide verneområdet, slik at det austlegaste punktet blir Rivjesundsholmane, samt at det i heile dette området blir forbode å tråle etter tare.

Statsforvaltaren ser at det er motsetningar mellom taretrålingsinteressane og lokale interesser. Det har komme klare ønskje og krav frå lokalsamfunnet på Stad, samt frå kommunen, om å avgrense taretråling på Stad fordi dei meiner det går ut over det marine livet og at det oppstår erosjon og skade på anlegg. I utgangspunktet er taretråling ikkje tillate i marine verneområde fordi påverknaden på økosystemet er stor. Statsforvaltaren har utvida verneforslaget og inkludert området på sørsida av Stad i tilrådinga til marint vern, men opnar samstundes for mogelegheit for å hauste av tareskogen aust for Stålet. Både på sørsida av Stad og på nordsida aust for Stålet er det stortareområde av svært stor verdi, og med ei slik løysing får samfunnet også eit godt grunnlag for over tid å sjå og vurdere verknaden som taretråling har på stortareskog, samanlikna med tareskog utan industriell hausting.

Statsforvaltaren registrerer innspelet frå Fiskeridirektoratet region Vest. Statsforvaltaren ser likevel at det er eit sterkt lokalt engasjement for å utvide verneområdet og ha strengare restriksjonar. Statsforvaltaren registrerer at både Nordfjord fiskarlag og Sogn og Fjordane fiskarlag ønskjer sterkare vern og større taretrålfrie område, og skriv at det er for å ta omsyn til oppvekstområde for marine artar, og at lokale/regionale fiskeriinteresser såleis er ueinige med Fiskeridirektoratet. Arealet som Fiskeridirektoratet foreslår forbod mot taretråling i, vurderast som veldig lite samanlikna med oppdraget og mandatet Statsforvaltaren har fått.

Statsforvaltaren registrerer innspelet om utviding forbi Tungevågen og til det austlegaste utstikkande punktet på Stadhalvøya. Sidan dei allereie tilrår å utvide arealet såpass mykje på sørsida av Stad, er det viktig å balansere ulike samfunnsinteresser og ikkje bandleggje endå meir som ligg utanfor rådgjevande utval sitt forslag til verneområde.

Miljødirektoratet anbefaler ikkje at området utvidast til Rivjesundholmane. Dette vil innebere ei utviding på om lag 2 km i austleg retning, og det vil krevje nye utreiingar og ny høyring. Gjennom heile prosessen har det vært signalisert at hausting av stortare skal vere lov aust for Stålet, og ei endring som vil innebere forbod mot hausting også aust for Stålet, vil også krevje ny høyring. Vi tilrår i likskap med Statsforvaltaren forbod mot hausting av stortare i heile det føreslegne verneområdet vest for Stålet, sjå kap. 6.5.1 og kap. 8.

Fiskeridirektoratet region Vest sitt avgrensingsforslag omfattar berre ein avgrensa del av verneforslaget, og viktige verneverdiar ligg utanfor, mellom anna korallførekomstar. Fiskeridirektoratets forslag omfattar heller ikkje området aust for Stålet, kor det er foreslått at hausting av stortare skal vere tillate. Vi tilrår same avgrensing som Statsforvaltaren har tilrådd, sjå kap. 8.

5.2.3 Fiskeri og akvakultur

Mattilsynet, Nordfjord Fiskarlag, Stad kommune og Fiskeridirektoratet region Vest hadde innspel til temaet fiskeri og akvakultur. Mattilsynet kan ikkje sjå at det føreslegne verneområdet har negativ innverknad på dei områda og oppgåve dei forvaltar, som også gjeld akvakultur. Nordfjord Fiskarlag stillar seg positive til vern, så lenge det ikkje går utover bruken av aktive og passive reiskapar. Dei peikar også på tareskog om eit viktig oppvekstområde for fisk og skaldyr. Dei har merka ein nedgang i fiskeriet i tida etter taretråling, og visar til føre-var-prinsippet. Stad kommune peikar på at fiskarane sine organisasjonar, og spesielt reketrålarane må få høve til å uttale seg. Fiskeridirektoratet skriv at det fiskast med snurrevad i vikene ved Stadlandet. Fiske må få fortsette uhindra.

Statsforvaltaren viser til at tradisjonelt fiske, med både aktiv og passiv reiskap, som ikkje påverkar havbotn kan halde fram. Dette gjeld også snurrevad.

Miljødirektoratet presiserer at forslaget til verneforskrift inneber forbod mot bruk av reiskap som slepast under fisket og i den forbindelse kan røyre botn, likevel slik at bruk av snurrevad er lov.

Opplysningar frå Statsforvaltaren tilseier at fiske med snurrevad (som framleis vil vere tillate etter forslaget til verneforskrift) går føre seg i eit avgrensa omfang og i andre delar av området enn der det er registrert korallar og anna sårbart naturmangfald. Det har gjennom heile prosessen vært signalisert at fiske med snurrevad i det føreslegne området skal vere lov. Rådgivende utvalg for marin verneplan la til grunn at snurrevad har avgrensa effekt på botnhabitata, og peikte på at utstyret er relativt lett og ikkje blir dratt over lengre strekningar på botnen som ein trål. Det er ikkje kome opplysningar i verneplanprosessen som tilseier at det går føre seg reketråling i området i dag. Sjå nærmare samfunnsøkonomiske vurderingar i kap. 6.5.4.

5.2.4 Fysiske inngrep

5.2.4.1 Petroleumsressursar

Oljedirektoratet peiker på at Rådgivende utvalg for marin verneplan i si endelege tilråding 30. juni 2004 skriv at «Utnyttelse av eventuelle petroleumsressurser er ikke nødvendigvis i strid med verneformålet. Ved leting og produksjon må det stilles strenge krav til at det ikke er utslipp eller annen påvirkning som kan skade verneverdier på havbunnen».

Statsforvaltaren viser til at utdraget som Oljedirektoratet har vist til er del av eit større avsnitt, og må bli lest i samanheng med heilskapen. Avsnittet er på side 26 i tilråding til marin verneplan: «*Det foregår ikke petroleumsvirksomhet i noen av de foreslåtte områdene i dag. Det er imidlertid*

mulige petroleumsforekomster i 5 av områdene (Transekt fra Tromøya, Froan-Sularevet, Iverryggen, Røstrevet og Transekt fra Andfjorden). Utnyttelse av eventuelle petroleumsressurser er ikke nødvendigvis i strid med verneformålet. Ved leting og produksjon må det stilles strenge krav til at det ikke er utslipp eller annen påvirkning som kan skade verneverdiene på bunnen.»

Statsforvaltaren viser til at verneføremålet er knytt til sjøbotn. Det vil være i strid med verneføremålet å sprenge, grave, bore eller på anna vis plassere større tekniske installasjonar på botn i samband med petroleumsverksemd. Forvaltningsstyresmakta vil likevel kunne opne for å gje dispensasjon, dersom vilkåra er til stades, for legging av røyrleidningar, kablar eller liknande, gjennom eit marint verneområde, dersom det blir oppdaga petroleumsressursar utanfor. I tilråding til marin verneplan frå 2004 står det også på side 26 at: «*Utnyttelse av mineralske ressurser (sand, grus, m.m.), mudring, deponering av masser og plassering av større tekniske installasjoner i forbindelse med kraftproduksjon (tidevann, strøm, vind) bør som hovedregel unngås i de prioriterte områdene».*

Miljødirektoratet viser til Statsforvaltarens merknader.

5.2.4.2 Mineralressursar

Direktoratet for mineralforvaltning (DFM) har ikkje innvendingar til oppstartsmeldinga fordi det ikkje er registrert regionale eller nasjonalt viktige mineralressursar i direkte tilknyting til det føreslegne verneområdet. På Stad er det uttak i drift som ligg nært inntil grensa. Om det vert funne førekomstar av mineralske ressursar i verneområdet, kan eventuelt uttak bli vurdert konkret i kvart enkelt tilfelle ut i frå den generelle dispensasjonsføresegnene i naturmangfaldlova § 48.

Statsforvaltaren viser til DFM si forståing av at uttak av mineralressursar må bli vurdert etter § 48 i naturmangfaldlova. Ved ein dispensasjonssak som involverer deponering av massar, utfylling, sprenging, med meir må forvaltningsstyresmakta leggje vekt på om tiltaket kan være eit trugsmål mot verneføremålet eller ikkje.

Miljødirektoratet viser til omtalen av naturmangfaldlova § 48 under overskrifta Havvind nedanfor.

5.2.4.3 Navigasjonsinstallasjonar og farleistiltak

Kystverket har innspel til verneforskrifta § 5 bokstav a, der det er opna for at ein kan søkje dispensasjon for oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar. Kystverket meiner at det bør vere eit generelt unntak frå vernereglane for dette, slik at det ikkje ligg til forvaltningsstyresmakta å vurdere om ei naudsynt navigasjonsinnretning kan bli etablert. Dei skriv at det også bør vere eit generelt unntak for fjerning, nyetablering og endring av navigasjonsinnretningar, då dette kan vere med på å redusere risikoen for uhell i området. Difor føreslår dei følgjande ordlyd for § 4 (generelle unntak frå vernereglane) bokstav h: *Oppføring, fjerning, drift og vedlikehald av navigasjonsinnretningar og farvass-skilt*.

Statsforvaltaren viser til at det i den føreslegne verneføreskrifta er mogleg å søkje om dispensasjon til oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleitiltak for å trygge ferdsle til sjøs (§ 5 a). Ved å nytte dispensasjon framføre eit generelt unntak, oppnår vi at det er mogleg å etablere naudsynte navigasjonsinstallasjonar for å redusere risikoen for uhell i verneområdet, samstundes som vi kan setje vilkår om best mogeleg driftsmetode. Til dømes kan aktuelle vilkår være tidspunkt for anleggsarbeid, trasé for eventuelle kablar, eller liknande.

Miljødirektoratet viser til Statsforvaltarens merknader, og til at ein tilsvarande dispensasjonsregel om navigasjonsinstallasjonar og andre farleitiltak inngår i forskriftene for vedtekne marine verneområde. Sjå også vurdering under kap. 6.5.5.

5.2.4.4 Vasskraftressursar

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) er ikkje kjend med at Stad marine verneområde er i konflikt med kjende vasskraftressursar. NVE ber om at Linja AS, som har områdekonsesjon i området, blir inkludert på høyringslista.

Statsforvaltaren beklagar at Linja AS falt ut av høyringslista. Statsforvaltaren ser at Linja AS er på kopilista i brevet frå NVE, og vi viser til at høyringa har vore offentleggjort i eit breitt utval av plattformar. Linja AS står på kopilista i denne tilrådinga.

Miljødirektoratet viser til Statsforvaltarens merknader, og legg til at Statsforvaltaren i etterkant av si tilråding har kontakta Linja AS, som har stadfesta at dei ikkje har særskilde innspel til verneforslaget.

5.2.4.5 Havvind

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) informerer om at det er gitt konsesjon til Kvernevik Engineering AS for å byggje og drive eit testanlegg for flytande havvind i området. NVE har ikkje registrert at det er noko aktivitet i dette prosjektet, og skriv vidare at Kvernevik Engineering ikkje har sendt miljø-, transport- og anleggsplan til NVE innan fristen. Konsesjonen er gyldig fram til 01.01.2025, men det er mogleg å søkje om utsett frist for å setje i gang eller eventuelt ny konsesjon om Kverneland Engineering ønskjer dette. NVE ber Kvernevik Engineering om å uttale seg i saka, samstundes som dei ber Statsforvaltaren om å ta kontakt med Kvernevik Engineering AS.

Statsforvaltaren har innarbeidd innspelet frå NVE i verneforskrifta med ein dispensasjonsheimel, etter søknad, for legging av kablar. Om mogeleg skal disse leggjast i korridorar (§ 5 bokstav c). Statsforvaltaren merkar seg at Kvernevik Engineering har fått tilsendt høyringa og ikkje kome med fråsegn. Dersom konsesjonssaka blir teke opp att, og Kvernevik Engineering søkjar og får innvilga utsett frist frå NVE, vil vi måtte handsame ein slik søknad som ein generell dispensasjonssak. Forvaltingsstyresmakta kan då gjere unntak frå forskrifta om det ikkje er i strid mot føremålet til vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. Naturmangfaldlova § 48.

Miljødirektoratet viser til at NVE 27.02.23 avslo søknad frå Kvernevik Engineering AS om utsett frist for idriftsetjing og utvida anleggskonsesjon.

For øvrig er ein spesifisert dispensasjonsregel om legging av kablar og røyrleidningar standard i verneforskrifter for marine verneområde. Naturmangfaldlova § 48, jf. § 6 i forskriftsutkastet, er ein generell dispensasjonsregel. Regelen inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Regelen opnar for at det kan gis dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Det følgjer av forarbeida til naturmangfaldlova at den generelle dispensasjonsregelen i § 48 i første alternativ ikkje kan brukast for å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket. Regelen skal være en sikkerheitsventil for tiltak som ein ikkje kunne føresjå eller spesielle/særskilde tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet. Med «vesentlige samfunnsinteresser» i tredje alternativ meinast tungtvegande omsyn av nasjonal tyding. Dette kan for eksempel vere viktige kommunikasjonsanlegg som flyplassar, jernbaner eller større samferdselprosjekt. Saker som har stor lokal interesse eller regional tyding er ikkje tilstrekkeleg som grunnlag for å gi dispensasjon etter denne dispensasjonsregelen. Dersom det let seg gjere å ta vare på samfunnsinteressa på ein anna måte, for eksempel ved val av eit anna område eller ein annan trasé, er ikkje kriteriet «nødvendig» oppfylt. Alternative løysingar vil derfor vere ein sentral del av vurderinga av kva som er «nødvendig».

5.2.5 Kulturminne

Riksantikvaren viser til at fylkeskommunen er høyringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker, og handsamar difor ikkje denne saka.

Bergen sjøfartsmuseum skriv at dei kjenner til marine kulturminne innanfor planlagd verneområde på Stad. Museet er positive til marine verneområde og dei effektane dette vil ha på dei marine natur- og kulturmiljø i områda. Det kan være aktuelt for museet å utføre fleire registreringar i områda i samband med planarbeid eller tiltak i framtida.

Statsforvaltaren ser positivt på at Bergen sjøfartsmuseum vil følgje opp i framtida. Statsforvaltaren har ikkje motteke innspel som gjeld kulturminne frå Fylkeskommunen.

Miljødirektoratet viser til Statsforvaltarens merknader, og legg til at forslaget til verneforskrift inneheld ein spesifisert dispensasjonsregel for istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne.

5.2.6 Verneverdiar

Kystverket skriv at eit marint verneområde, i kombinasjon med mindre skipstrafikk grunna ei realisering av Stad skipstunnel, vil kunne verke positivt på naturmangfaldet i området.

Dag Austring har på kart teikna inn tre område i Sildegapet med korallfelt og to område med raudfisk-populasjonar. I tillegg informerer han om at det i djupet rett nord for Kråkeneset skal vere eit stort korallfelt, noko han har fått fortalt av gamle fiskarar.

Statsforvaltaren set pris på denne informasjonen. Den byggjer opp under viktigheita av eit marint verneområde på sørsida av Stad som også inkluderer djupe område i Sildegapet. Stad kommune ber om at områda aust for Stålet blir betre kartlagt.

Statsforvaltaren vil leggje til rette for kartlegging i arbeidet med ein forvaltningsplan for det marine verneområdet. Det vil bli eigne prosessar knytt til utarbeidinga av ein slik forvaltningsplan, med innspel, høyringar og møte.

Miljødirektoratet viser til Statsforvaltarens merknader.

5.2.7 Andre forhold knytt til forslaget til verneforskrift

Stad kommune ønskjer at det blir presisert i teksten i verneforskrifta, ikkje berre på detaljkartet, at verneområdet si grense mot land er annleis kring fiskerihamnene enn elles. Vidare skriv kommunen at det er viktig at verneforskrifta § 3 bokstav c ikkje blir til hinder for etablering av nye avløp som er godkjend etter anna lovverk. Då ønskjer kommunen at dette blir inkludert i verneforskrifta § 4. I § 4 ønskjer Stad kommune òg å inkludere ei presisering om at vernereglane ikkje skal vere til hinder for vedlikehaldsmudring av kanal til båtstø og naust. Stad kommune meiner at det i § 5 bør være ope for å kunne vurdere dispensasjon til mindre uttak av sand til eige bruk (til grunneigarar). Kommunen forutset at § 6 i verneforskrifta vil bli brukt aktivt, til dømes for å gi dispensasjon for ny teknologi som ikkje strider med verneformålet.

Statsforvaltaren tek innspela til etterretning og viser til endringar i verneforskrifta i vår tilråding. I forskrifta § 2 presiserer Statsforvaltaren no at verneområdet har grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området, unntatt der verneområdet er trekt utanom fiskerihamner og annan infrastruktur og der verneområdet grensar til naturreservat på land. Dette vil òg gå fram av vernekartet. For å lette forståinga av korleis verneområdet er avgrensa, føreslår Statsforvaltaren også nokre fleire justeringar av verneforskrifta § 2. Når det gjeld nye vann- og avlaupsleidningar gjeld det generelle unntaket i § 4 berre for eksisterande leidningar. Det er ope for å søkje dispensasjon for *nye* vann- og avlaupsleidningar etter verneforskrifta § 5 bokstav b. Dette gjer at vi kan balansere behovet for nye tiltak opp mot verneverdiane i området. Den same vurderinga gjeld vedlikehaldsmudring, der det er høve til å gje dispensasjon etter verneforskrifta § 5 h. Mindre uttak av sand til eige bruk vil vanlegvis være ein grunneigar som gravar opp mindre mengde frå si eiga strand for bruk på gardsbruket, til vinterstrøing, eller til anna tradisjonelt bruk i liten målestokk. Dette vil kunne fortsetje uavhengig av eit marint vern eller ikkje fordi vernegrensa går på djupnekote 2 meter under sjøkartnull. Unntaket vil være der grensa til eit eksisterande verneområde på land møter grensa til det marine verneområdet, som til døme utanfor Tungevågen.

Det har ikkje kome innspel i høyringsrunden som tilseier at det er trong for å gjere innhaldsmessige endringar i verneforskrifta. Statsforvaltaren har likevel nokre endringsframlegg for å gjere den geografiske avgrensinga av verneområdet tydelegare. Av pedagogiske årsaker ønskjer vi å innleie føresegna med leddet som viser til at grensene for det marine verneområdet er fastsett i kartet. På denne måten vil vi gjere det tydeleg at det er vernekartet som set grensene for verneområdet, medan andre ledd gjev ei språkleg omtale av korleis grensene går. I tillegg

fastslår siste punktum i andre ledd at verneområdet femner om både overflata, vassøyla og sjøbotn. Statsforvaltaren føreslår òg nokre få presiseringar og endringar for å få ein betre samanheng både i sjølve verneforskrifta og opp mot andre verneforskrifter med tilsvarande restriksjonsnivå. Ei slik presisering er å endre ordlyden i § 5 bokstav e frå småbåthamn til småbåtanlegg, då «anlegg» gir eit betre bilete av kva omfang heimelen gjev grunnlag for å vurdere.

Miljødirektoratet viser til omtale av § 48 ovanfor. Vi presiserer at verneforslaget grenser inntil Dekkjene naturreservat; avgrensinga femner her om tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo).

Verneforslaget grenser også inntil Tungevåg naturreservat og Høgfjellet naturreservat; det føreslegne marine verneområdet har felles grense med disse naturreservata i sjø. Uttak av sand er forbode i disse reservata. Vi sluttar oss til Statsforvaltarens forslag om å endre ordlyden i forskrifta frå «småbåthamn» til «småbåtanlegg», fordi småbåtanlegg gir eit betre bilete av kva omfang heimelen er meint for og ikkje berre omfattar hamnar, men også mindre tiltak. Endringane Statsforvaltaren og Miljødirektoratet foreslår i verneforskrifta, er summert opp i kapittel 4.2.

5.2.8 Forvaltningsstyresmakt

Stad kommune meiner at Statsforvaltaren bør vere forvaltningsstyresmakt for det marine verneområdet, då kommunen per i dag ikkje har kapasitet til dette. Dette kan endre seg på eit seinare tidspunkt. Eit marint verneområde vil ved endeleg vedtak om vern vere eitt av fleire område i Stad kommune som har ein spesiell vernestatus. På land er det også utvalde kulturlandskap (UKL). Stad kommune ber om at forvaltninga av desse områda vert samkøyrd og dialog vert oppretta med kommunen om å få til ei god forvaltning av områda med spesiell vernestatus.

Statsforvaltaren viser til at Miljødirektoratet har mynde til å delegere forvaltningsmynde for eit framtidig verneområde etter naturmangfaldlova. Dersom Stad kommune ikkje har kapasitet til å ta på seg ei slik oppgåve vil truleg Statsforvaltaren få delegert dette. Statsforvaltaren er samd i Stad kommune sitt ønskje om ei heilskapleg og samkøyrd forvaltning av verneområda på Stad, både dei marine og verneområde/UKL på land.

Miljødirektoratet har mynde til å fastsetje kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for verneområda, og det kan opprettast et rådgjevande utval for forvaltninga. I tråd med oppdragsbrev 08.09.14 frå Klima- og miljødepartementet, vert forvaltningsmynde for mindre verneområde i første omgang tilbydd til den aktuelle kommunen, med unntak for verneområde som i dag grensar inntil område som i dag blir forvalta av nasjonalparkstyre eller verne-områdestyre. Tilbodet omfattar heller ikkje verneområde som strekkjer seg over fleire kommunar. Det føreslegne marine verneområdet omfattar areal i to kommunar. Miljø-direktoratet er derfor innstilt på at Statsforvaltaren er forvaltningsstyresmakt for området.

6 Samfunnsøkonomiske vurderingar

6.1 Problemformulering

Dei største trugsmåla mot det biologiske mangfaldet i Noreg er at leveområde for dyr og plantar blir øydelagde og oppdelt. Presset på marine område er aukande. Inngrep som utfyllingar, bygging av hamnar og vegar, mudring og dumping, masseuttak, nedslamming og legging av røyrleidningar kan medføre skader i det marine miljøet. På havbotnen utanfor kysten har mennesket sett tydelege spor. Det er til dømes vurdert at mellom 33 og 50 prosent av djupvasskorallreva som finst langs Norske-kysten er heilt eller delvis øydelagde, hovudsakeleg som følgje av botnfisktråling. I Sverige er det no føreslått forbod mot botntråling i verna områder inkl. nasjonalparkar og Natura 2000-område[3].

Det vil kunne vere motstridande politiske målsettingar mellom næringsutvikling både lokalt og nasjonalt på den eine sida og det å ivareta naturmangfaldet slik det er nedfelt i naturmangfaldlova på den andre sida. Naturmangfaldet i havet og langs kysten vert også påverka av klimaendringar, forsuring av havet, forureining, framande arter og hausting av marine levande ressursar. Desse trugsmåla og dette presset finst også, i mindre eller større grad, ved Stad.

6.1.1 Eigenskapar ved området

Forslaget om Stad marine verneområde inkluderer sjøarealet rundt Stadhalvøya. Området er ein særs god representant for dei mest eksponerte delane av kysten. Farvatnet er delvis grunt, og har særeigne bølgjetilhøve på noko av den mest vêrharde kysten i Noreg, der landskap og mangfald ber preg av det. Sør for Stadlandet inkluderer verneforslaget ei aust-vestleg djupvassrenne frå Djupeskallen og inn på nordsida av Sildegapet. Dei sentrale delane av renna er ned mot 300 meter djup. Mykje av det særprega biologiske mangfaldet er knytt til havbotnen, mellom anna korallrev, spesielle kalkalgar og store areal med tareskog. Dette er viktige oppvekst- og beiteområde for eit mangfald av marine artar.

Området ligg nordvest i Stad kommune, tidlegare Selje kommune før samanslåing. Ein liten del av verneområdet ligg i Kinn kommune, tidlegare Vågsøy kommune. Stad og Kinn kommune ligger i Vestland fylke, tidlegare Sogn og Fjordane. Befolkninga i Stad og Kinn kommune er respektive 9 543 og 17 179, i Vestland fylke er det 646 205 innbyggarar[4].

Stadhalvøya og sjøareala rundt er eit område med viktige fiskeri- og verneinteresser, med viktige beite-, oppveksts- og gyteområde. Området er kartlagt med stor nasjonal betydning, både som friluftsareal og med landskaps- og kulturhistorisk verdi. Dette gjelder både langs strandsona og i sjøareala. Til dømes Sildegapet og Stadhavet er trekt fram i kartlegging av landskapet langs kysten av Sogn og Fjordane. Fleire områder langs Stadhalvøya, som Erviks-, Selje-, og

[3] https://www.regeringen.se/rattsliga-dokument/statens-offentliga-utredningar/2023/05/sou-202320/

[4] SSB Befolkning og kvartalsvise endringar, etter region, statistikkvariabel og kvartal, tabell 01222 (1. kvartal 2023)

Hoddeviksanden er kartlagt som viktige friluftsareal. Dette er områder som er svært viktig både for turistar og fastbuande[5].

Planstatus
Stad kommune vedtok i 2022 ein kommunedelplan for sjøareala[6]. I denne planen er arealet som er føreslått for marint vern lagt ut som «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» for natur, friluftsliv, ferdsel, farlei og fiske. Størstedelen av det føreslegne verneområdet er i tillegg vist med omsynssone H560 for bevaring av naturmiljø. Det vesle arealet som ligg i Kinn kommune er ikkje dekt av arealdelen til tidlegare Vågsøy kommune. Kinn kommune har starta opp arbeidet med å utarbeide ein revidert arealdel for heile Kinn kommune. I møte 24.01.23 handsama Kinn kommune forslaget i Statsforvaltaren si tilråding om vern, og i saksvurderinga kjem det fram at oppretting av eit verneområde ved Stad er i tråd med Kinn kommune sin temaplan for klima, berekraft og naturmangfald og med overordna planlegging.

For tilgrensande landareal til det føreslegne verneområdet er det arealdelen til kommuneplanen for tidlegare Selje kommune (vedteken i 2018) som gjeld fram til ein ny kommuneplan for heile Stad kommune vert utarbeidd og vedteken. Stad kommune vedtok i 2020 ein samfunnsdel til kommuneplanen. Her er det mellom anna sagt at FN sine berekraftsmål skal leggast til grunn for samfunns- og arealplanlegginga, og kommunen skal nytte berekraftmåla som eit verktøy for å utvikle samfunnet i ei retning som gjev berekraftige lokale løysingar, som samtidig bidreg globalt. Stad kommune har vedteke i arealstrategien for den kommande arealplanen at kommunen skal bevare 100-metersbelte langs sjø og vassdrag, men samtidig at det skal leggast til rette for kystbasert næringsutvikling. Dei ønskjer også å bevare og verne dagens landbruks-, fiskeri-, natur- og friluftsområde mot vindkraftutbygging, samt leggje til rette for taredyrking[7].

Inngrepsstatus
Det er lite inngrep i området. Det er ingen veger eller bruer innanfor vernegrensa. Det er ingen kablar eller røyrleidningar synlege på verken sjøkart eller andre kartlag, og det er heller ikkje kome innspel om dette i verneplanprosessen. Det finst likevel ingen kommunal oversikt over private avløpsrøyr, så ein kan ikkje sjå bort ifrå at det er enkelte private avløpsrøyr som går ut i området. Det er nokre navigasjonsinstallasjonar (lys og sjømerke) og det er regelmessig mudring innafor verneforslaget, frå storhavet inn mot hamna i Honningsvågen for å halde skipsleia open. Det er to registrerte lokalitetar for låssetjing av fisk i kandidatområdet. Vernegrensa er i hovudsak trekt utanom moloar og hamner og utanfor privat grunn.

Pågåande aktivitetar
I området er det i dag interesser knytt til tarehausting, fiske, friluftsliv og rekreasjon, reiseliv, kulturminne og skipstrafikk.

---

[5] https://webhotel3.gisline.no/GisLinePlanarkiv/4649/2019100/Dokumenter/Planomtale%20-%20Kommunedelplan%20for%20sj%C3%B8areal.pdf
[6] https://webhotel3.gisline.no/Webplan_4649/gl_planarkiv.aspx?planid=2019100
[7] Kommuneplanens samfunnsdel 2020-2032https://stad.kommune.no/_f/p1/ic63fba92-422f-45a7-bcbe-d3967cdf620f/210609_stad_kommuneplan_trykkfil_spreads_lowres.pdf

Det er i dag tre havbrukslokalitetar i sjøareala til Stad kommune, men ingen lokalitetar innafor vernegrensa. Området har stor trafikk knyta til fiskeri, og det er også betydeleg skipstrafikk i området rundt Stadhalvøya. Skipstrafikken går både i fjordsystemet, med stykkgods, samt ror- og bulkskip. Mens gass-, olje- og kjemikalieskip går i ytre led forbi Stadlandet.

Det er aktivitetar innan turist- og friluftsfiske i Stad kommune. I 2020 var det registrert 13 turistfiskebedrifter i Fiskeridirektoratets register. Disse ser ikkje ut til å være plassert på landarealet i nærleiken av vernearealet, men hovudsakeleg lengre sør i kommunen. Det er òg fleire campingplassar i tilknyting til sjøen i nærleiken av verneområdet, samt at surfing er en populær aktivitet på strendene nord på Stadhalvøya.

6.1.2 Påverknadsfaktorar og trugsmål mot verdiane i området Stad

Stad er omtalt som landets største kyrkjegard grunna dei mange skipa som er gått ned i dette vêrharde kystavsnittet. Eit trugsmål mot det marine livet under overflata vil framleis kunne være skipsforlis, særleg dersom skip fraktar med seg til dømes råolje. På grunn av kyststraumane er området påverka av miljøgifter og næringssalt, men trenden er på retur. Påverknad frå anna langtransportert forureining, drivande søppel og mikroplast er vesentleg også her. Det same gjeld forsuring av storhavet, som over tid kan bli alvorleg for mellom anna korallreva i området.

Inngrep som kan endre økosystemet, utgjer eit trugsmål mot verneverdiane. Døme på dette er utfylling, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring og plassering av konstruksjonar på sjøbotnen. Fiske med aktive reiskap som rører botn er også eit trugsmål, mellom anna i område med korallar. Opplysningar frå Statsforvaltaren tilseier at fiske med snurrevad (som framleis vil vere tillate etter forslaget til verneforskrift) går føre seg i eit avgrensa omfang og i andre delar av området enn der det er registrert korallar og anna sårbart natur-mangfald. Vidare er det ikkje kome opplysningar i verneplanprosessen som tilseier at det går føre seg reketråling i området i dag.

Hausting av stortare i form av tråling påverkar tareskogen som økosystem. Effektane er først og fremst av lokal karakter, men avheng av kor stor del av tareskogen som blir tråla. Området blir nytta til hausting av stortare i dag, sjå nærmare vurderingar i kap. 6.5.1.

Akvakultur/havbruk kan påverke verneverdiar gjennom blant anna forureining av sjøbotnen under etablerte anlegg, og oppankring av anlegg medfører fysiske inngrep i sjøbotnen. Det er ikkje akvakultur i området i dag, og det er heller ikkje meldt interesse for dette i prosessen med verneplanen.

Med unntak av hausting av stortare, vurderer vi at området per i dag i liten grad er utsett for inngrep og aktivitetar som belastar økosystemet. Men det er fleire potensielle og aukande trugsmål mot verneverdiane framover.

Klimaendring og forsuring av havet kan bli eit aukande trugsmål framover. Til dømes vil stigning i havtemperaturen påverke heile økosystemet i området og føre til forskyving av leveområde for eksisterande artar samt at nye artar kan komme inn. På oppdrag frå Miljødirektoratet har Norsk

institutt for vannforskning (NIVA) vurdert korleis klimaendringane påverkar det fysisk-biologiske klimaet langs Norskekysten, samt kva endringane betyr for habitat og tilstand for fem arter som er viktige marine ressursar som er viktig for økosystemet, regional og nasjonal økonomi, historiske og kulturelle tradisjonar og matsikkerheit. Ein av desse artane er stortare. I den nyleg publiserte rapporten frå NIVA, peikast det på at dei faktorane som i størst grad påverkar habitatet til stortare, er temperaturen og overlapp med kråkebollar. Basert på temperaturpreferansen til stortare, venter ein at utbreiinga av stortare vil halde seg stabil i sørlege kystområde og auke noko i nordlege område dei kommande tiåra. Med ein sterkare auke i temperatur mot slutten av århundret, kan vi forvente høvesvis nedgang eller lokal utrydding i Sør-Norge i to av utslippsscenarioa[8].

Ifølgje FNS klimapanel kan marine verneområde gi marine plantar og dyr ein betre moglegheit til å tilpasse seg klimaendringane utan å måtte ta omsyn til andre stressfaktorar.

Introduksjonar av framande artar er eit av dei største trugsmåla mot marine miljø, og problemet er aukande. Den svartelista framandarta hamnespy (japansk sjøpung) er i spreiing i Rogaland og sørlege delar av Vestland. Hamnespy har tidlegare ikkje blitt funne nord for Sognefjorden. Ei nyleg undersøking viser funn av hamnespy-DNA i tre vassprøver frå Florø og to frå Måløy. Dette er ein sterk indikasjon på at arten no også er etablert i desse hamnene. Den legg seg som store teppe på sjøbotn og fortrenger alle andre artar. Havnespy vil kunne få store konsekvensar for økologi og naturmangfald dit den kjem.

6.1.3 Nullalternativet

Nullalternativet er ei vurdering av utviklinga i utredningsområdet utan nytt marint vern. Nullalternativet tek utgangspunkt i dagens situasjon, justert for vedtatt politikk. I denne saka inneber det at forvaltning av området skjer etter dagens lovverk (plan- og bygningslova, akvakulturlova, havressurslova, hamne- og farvasslova, naturmangfaldlova og anna sektorlovverk), og at området ikkje blir verna som marint verneområde etter naturmangfaldlova. Nærmare omtale av planstatus og inngrepsstatus for området finst i kapittel 6.1.1.

I nullalternativet vil det vere mogleg å hauste stortare i heile det aktuelle området. Antatt utvikling i nullalternativet for tarehausting og andre interesser vert vidare omtala i kap. 6.5. Hausting av viltlevande marine ressursar, vil i hovudsak bli regulert av havressurslova og anna gjeldande lovverk.

6.2 Målsetningar

Bevaring av et representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar er eit nasjonalt mål, jf. dei lovfesta måla for områdevern i naturmangfaldlova § 33. Eit representativt utval inneber at verneområda skal fange opp variasjonsbreidda i naturmangfaldet, som vil seie både det som er typisk eller vanleg, og det som er meir sjeldsynt. Det er derfor ikkje tilstrekkeleg å

[8] https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2022/november/klimapavirkning-viktige-kystvannsarter/

berre auke verneandelen; vernet må også omfatte konkrete geografiske område som bidreg til betre representativitet. I dag er ca. 4,5 prosent av hav og kystvatn (sjøarealet innanfor territorialgrensa) verna, og det er langt igjen til målet om representativ bevaring er nådd. Samfunnsmålet som blir lagt til grunn for utredninga er å sikre naturmangfald og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet for nåverande og framtidige generasjonar.

I tillegg har vi nokon effektmål for å støtte opp det overordna samfunnsmålet:

- vernet skal bidra til å ta vare på eit representativt utval av norsk natur og særeigne, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar
- vernet skal bidra til at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester

Det er også knytt fleire internasjonale forpliktingar til effektivt og representativt vern. Meir om dei nasjonale måla og internasjonale forpliktingar i kap. 2.

6.3 Relevante innretningar for det føreslegne verneområdet

I tråd med diskusjonen i kapittel 2.1, er det marint vern etter naturmangfaldlova som er det relevante tiltaket/verkemiddelet i denne saka. Dei ulike alternativa vi vurderer er ulik avgrensing av verneområdet og ulike reglar for ulike delar av området. Vi vil finne det alternativet som har størst nytte samanlikna med kostnad av vernet. I hovudsak dreier dette seg om å vurdere nytten av vern i dei aktuelle delområda opp mot kostnaden ved forbod mot tarehausting.

Gjennom verneplanprosessen er det lansert to ulike forslag frå vernemyndigheitene når det gjeld avgrensing av området og restriksjonar på hausting av stortare (heretter omtalt som alternativ 1 og 2):

Alternativ 1: Statsforvaltarens oppstartsmelding, i tråd med Rådgivande utval for marin verneplan si anbefaling, der den sørlege delen (delområde Sør i Figur 6-1) av området ikkje er med (114,4 km^2). Forbod mot stortarehausting vest for Stålet (delområde Vest i Figur 6-1).

Alternativ 2: Statsforvaltarens høyringsforslag og tilråding når det gjeld både forslag til avgrensing (166,7 km^2) og forbod mot hausting av stortare i heile området vest for Stålet (delområda Vest og Sør i Figur 6-1).

I tillegg vurderer Miljødirektoratet et tredje alternativ (heretter omtalt som alternativ 3):

Alternativ 3 – Statsforvaltarens høyringsforslag og tilråding når det gjeld avgrensing (166,7 km^2), men med opning for tarehausting både aust for Stålet og i utvidingsområdet i sør (delområda Aust og Sør i Figur 6-1).

Figur 6-1 Foreslått verneareal, med dei ulike områda som er omtalt når det gjeld tarehausting – aust, vest og sør.



Figur 6-1 visar vernearealet omkring Stadhalvøya, og dei ulike areala der vi vurderer om tarehausting skal vere tillat. Med dette som utgangspunkt, vil vi i kap. 6.5.1 sjå nærmare på dei ulike verknadane innan dei tre alternativa for marin verneplan Stad.

Rådgivende utvalg for marin verneplan (2003) peikte på at heile vestsida av Stad (området vest for Stålet) er eit særs eksponert område utan skjergard og skjerma lokalitetar. Erfaringsvis er det lite sannsynleg at kråkebollar kan beite ned tare på slike sterkt eksponerte stader. Stadområdet dannar eit skilje med forskjellar i biologiske førekomstar sør og nord for dette området. Eit trålfritt referanseområde her vil kunne være nyttig for å overvake eventuelle langsiktige endringar i tareskog og artsmangfald. I oppstartsmeldinga frå 2017 ga Statsforvaltaren uttrykk for at det prinsipielt ikkje bør bli hausta i det mest produktive habitatet i eit marint verneområde, men av omsyn til næringa vart det føreslått å opne for taretråling aust for Stålet (det nordlegaste punktet på Stad), slik Rådgivande utval for marin verneplan hadde anbefalt.

6.4 Prinsipielle spørsmål

Bruk av områdevern etter naturmangfaldlova som verkemiddel kan reise ulike prinsipielle spørsmål. Gjennomføring av områdevern for å få eit meir representativt vern for framtidige

generasjonar, er i tråd med nasjonal politikk, og ei prioritert oppgåve for miljøvernstyresmaktene. Samstundes kan vern medføre avgrensingar for råderetten til grunneigarar og rettshavarar. Dette gjeld i mindre grad for arbeidet med Stad, da verneforslaget i avgrensa grad omfattar privat grunn.

6.5 Positive og negative verknadar av vern

I vår vurdering av ulike verknadar og verdiar tek vi utgangspunkt i alternativa presentert i kap. 6.3. Viktige verneverdiar og korleis disse blir påverka i nullalternativet er omtalt i kap. 2.3 og 6.1. Aktuelle brukarinteresser er omtalt i kap. 5.

Miljødirektoratet har nedanfor gjort kvalitative vurderingar av dei positive og negative konsekvensane av marint vern utanfor Stad, supplert med enkelte kvantitative anslag der det er mogleg og hensiktsmessig. NOU 2013:10 «*Naturens goder – om verdier av økosystemtenester*» gir ein inndeling av hovudkategoriane av norske økosystemtenester frå norsk natur, vist i Figur 6-2.

Figur 6-2 Hovudkategoriar av norske økosystem Kjelde: NOU 2013: 10 fig. 5.2



Vi har i det følgande tatt utgangspunkt i denne inndelinga. Figur 6-3 gir ein oversikt over aktørar og identifiserte verknadar av å verne det føreslegne området. Diagrammet skisserer deretter kva eit vern inneberer, og så kva vern fører til for dei ulike aktørane. Ved å skissere årsaks-samanhengane, kan ein til slutt komme fram til verknadane for samfunnet ved å verne området.

Årsakssamanhengane frå tiltak til samfunnsøkonomisk verknad blir skissert med pilar. Hensikten med å bruke eit slikt diagram er å få oversikt over årsakssamanhengane og sikre at alle dei viktigaste verknadane er identifisert og å unngå at verknader blir talt dobbelt. Diagrammet følger eit oppsett som er anbefalt av DFØs veileder for samfunnsøkonomiske analyser (2023).

Figur 6-3 Årsaks-virkningsdiagram for Stad



Figur 6-3 gir ein samla oversikt over identifiserte verknadar av å verne sjøarealet utanfor Stadhalvøya. Dei enkelte verknadene er vurderte etter kor mange som blir påverka (talet på påverka), kor stor endring det er frå nullalternativet (påverking per ramma) og kor viktig endringa blir vurdert å vere for dei som blir ramma (einingsverdi)[9]. Samla konsekvens for verknadene er vurdert langs ein ni-delt skala, som går frå svært negativ konsekvens til svært stor positiv konsekvens[10].

6.5.1 Tarehaustingsnæringa

Alle dei tre alternativa fører til redusert moglegheit for tarehausting.

[9] Denne tilnærmingen for å vurdere ikke-prissatte verknader følger anbefalingar frå DFØs veileder for samfunnsøkonomiske analyser (2023). Se også Oslo Economics (2022).

[10] Den ni-delte skalaen gir følgende kategorier av konsekvensgrad: Meget stor negativ, stor negativ, middels negativ, liten negativ, neglisjerbar, liten positiv, middels positiv, stor positiv og meget stor positiv konsekvens. Se blant annet Oslo Economics (2022) for bruk av tilsvarende kategorisering

Miljø-
direktoratet

Bakgrunn og nullalternativ

Tare er ein av to makroalgar som vert hausta og brukt i industriell skala i Noreg. Tare inneheld stoffet alginat, som mellom anna vert brukt i næringsmiddel-, legemiddel- og kosmetikkindustrien. Alginat er etterspurt og den einaste produsenten i Norge, Dupont Nutrition Norge, er ifølgje dei sjølv til ein kvar tid utseld for alginat.

I Noreg har det blitt hausta kommersielt etter tare i over 40 år, hovudsakeleg i den ytre skjergarden frå Rogaland til Sør-Trøndelag. Haustinga skjer ved at ein båt dreg ein grindtrål som riv opp stortare frå botn. Tare vert hausta på ca. 5-15 meters djup, men ikkje djupare enn 20 meter.

Kysten er delt inn i ei rekkje tarehaustingsområder, sjå Figur 6-4. Eksisterande forskrift om hausting av tare i Rogaland og Vestland gjeld fram til 1. september 2023. Forskrifter om hausting av tare (og tang) blir revidert kvart femte år og regulerer kor og når det kan haustast, men ikkje kor mykje (kvantum). Det er 10 tarehaustingsfelt som er relevante for verneområde Stad. I tråd med forskrift om hausting av tare[11], er to av områda opne for hausting samtidig og områda er opne kvart femte år. Det kan være store ulikhetar i kor mykje tare som er tilgjengeleg for hausting i dei ulike haustingsområda.

Figur 6-4 Kart over Stadlandet. Rektangla visar tarehaustingsfelta. Brune område visar kartlagde tareforekomstar. Det er ikkje tillate å tråle etter stortare djupare enn 20 meters (raud linje). Haustingsfelta har endra namn i løpet av verneprosessen. Sjå Tabell 1, for nærmare oversikt over dette.



Dupont Nutrition Norge er i dag einaste aktør innan hausting av stortare i Noreg. Dei haustar ca. 150 000 tonn (0,15 mill. tonn) stortare i Noreg kvart år dersom vêrforholda tillét det. Dette talet

[11] Forskrift om høsting av tare i fylkene Rogaland og Vestland - Lovdata

varierer frå år til år særleg grunna to faktorar; stormhausting og rotasjon av felt som er opne. Dupont oppga at den ståande biomassen av stortare er estimert til 50-60 millionar tonn, og at årleg stormhausting er estimert til 7-8 millionar tonn i snitt. Stormhausting er tare som blir rive laus av bølger og storm, og som går tapt i naturen sett frå eit haustingsperspektiv. Høg stormhausting i eit haustefelt kan medfører at Fiskeridirektoratet avgrensar haustingsaktiviteten i feltet.

I løpet av verneprosessen har Miljødirektoratet fått fleire ulike tal på haustingsvolum ved Stad. Rapporterte haustingstal (sjå Tabell 1) visar at mengda tare som blei hausta rundt Stad i perioden 2013-2018 varierte kraftig frå år til år. Årsaka til dette er rotasjon mellom feltane i løpet av 5 års syklus og at tilgangen på haustbar tare variera mellom dei ulike felta. Dupont påpeika i sitt innspel til oppstartsmeldinga i 2017 at det vart hausta om lag 2-3 000 tonn stortare i aust og vest, og 5-6 000 tonn stortare i det utvida arealet i sør i løpet av en 5 årssyklus, til saman ca. 8 000 tonn. Ein naturleg side av denne næringa er dermed produksjon variera frå år til år, og det er behov for fleksibel drift i taremottak.

Tabell 1 Tarehaustingskvantum i ulike haustingsfelt ved Stad 2013-2018 (Kjelde: FMC/Dupont)

Hausteperiode	Feltnr. Før 2018[12]	Feltnr. Etter 2018	Tonn
01.11.2015 – 31.08.2016	103E	230D	3250
01.11.2013 – 31.08.2014	104E	230D/231E	1752
01.11.2017 – 31.08.2018	105B	232A	545
01.11.2016 – 31.08.2017	106A	233B	185
01.11.2016 – 31.08.2017	107A	234C	0
01.11.2014 – 31.08.2015	108D	235D	1148
01.11.2017 – 31.08.2018	109B	236E	1773
01.11.2015 – 31.08.2016	110E	237A/238B	467

I mai 2023 fekk Miljødirektoratet oppdaterte opplysningar om historiske haustevolum til utgreiinga. Haustevolum i feltane 228 til 238 etter omregulering har vore 9 300 tonn stortare, av dette ca. 1 000 tonn nordaust av Stålet. Dupont har opplyst at haustevoluma for dette området over dei siste fem åra frå 2018 framleis er prega av Fiskeridirektoratets omlegging av haustefelta. I denne omlegginga blei alle felt standardisert til ei bredde på ein nautisk mil. Dette medførte i en periode kortare haustesyklus i nokre område, og lengre i andre. Dette påverkar igjen haustevoluma frå kvart enkelt felt. Ein nærmar seg no ein normalsituasjon, og Dupont har forsøkt å berekne volum som er forventa i ein normal situasjon, forutsett full gjenvekst etter fem år og ingen stormhausting. Dupont forventar følgjande haustevolum over ein 5-årig syklus framover:

- Heile det føreslegne verneområdet: ca. 12 900 tonn (2580 tonn/år)

[12] Ny nummerering av høstingsfelt i 2018. Samme J-melding for 3 fylker i stedet for hvert enkelt. Endra med J-meldingene-106-2018: Forskrift om høsting av tare i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Høstingsfelt utgått J-melding 2017 (J-133-2017 (fiskeridir.no) – kart 10.

- **Aust**: Området aust for Stålet: ca. 1 600 tonn (320 tonn/år)
- **Vest**: Området mellom Stålet og Fureneset: ca. 3 300 tonn (660 tonn/år)
- **Sør**: Området sør for Fureneset (utvidingsområdet): ca. 8 000 tonn (1600 tonn/år)

I ei samfunnsøkonomisk vurdering av restriksjonar for tarehaustingsnæringa ønskjer vi å berekne fortenesta ved uttak av råvara stortare. Vi har ikkje tal for dette, men gjer eit anslag basert på data vi har.

Dupont har antyda at 1 tonn stortare kan gi ein alginat-omsetning på om lag 5 000 NOK. Dette betyr at haustinga av 12 900 tonn stortare rundt Stad i løpet av ein 5-årssyklus gir ei forventa årleg omsetjing av alginat på om lag 13 millionar NOK. Vi har ikkje fått tilgang til omsetning for stortare. Ettersom alginat er eit vidareforedla produkt av stortare, er det grunn til å tru at omsetjinga for alginat er høgare enn for stortare, og at anslaget på 13 millionar overestimerer verdien av stortare. Offentlege rekneskapstal for Dupont Nutrition Norge (FMC Biopolymer AS) visar at selskapet har hatt årlege gjennomsnittlege salsinntekter på om lag 1,5 milliardar kronar i perioden 2018-2021. Fortenesta har samstundes vore knappe 17 prosent av salsinntektene. Tala beskriv heile selskapet og ikkje berre tarehaustingsdrifta. Ut i frå tal for årleg omsetjing og gjennomsnittleg forteneste hos DuPont anslår vi at haustinga av stortare rundt Stad gjer ein årleg forteneste på om lag 2,2 millionar kronar. Omsetjingstalet omhandlar alginat, men vi brukar også dette talet som eit anslag på årleg forteneste for hausting av stortare i åra framover.

Konsekvensar av vern (forbod mot tarehausting)
Alle dei tre alternativa inneber forbod mot tarehausting i større eller mindre delar av området. Dette vil medføre at næringa tapar omsetning. Dupont peiker på at det ikkje finnes «alternative hausteområde», at dagens hausteområde blir utnytta fullt ut og dei har ikkje avsett reserve-områder. Samstundes peikar dei på at tap av felt kan føre til meir belastning på andre felt og større kostnadar fordi dei må bruke lenger tid på å prøve å få meir ut av kvart felt. Den mest berekraftige utnyttinga blir oppnådd når dei kan avslutte haustinga før feltane er maksimalt utnytta.

Basert på innspel frå næringa, er det rimeleg å tru at noko av den reduserte tarehaustinga i desse områda vil bli kompensert med meir hausting i andre felt. Det vil gje eit større press på andre tarehaustingsfelt langs kysten. Næringa er likevel avhengig av å forvalte tarehaustingsfelta godt for å sikre at dei kan hente ut like mykje stortare i framtida.

Fiskeridirektoratet har klassifisert felta ved Stad som veldige viktige felt for tarenæringen. Dupont seier at områda rundt Stad er viktige for dei, fordi disse kan bli hausta i vintermånadene. På ein god del felt lenger nord er det lagt inn avgrensingar som gjer at feltane er stengt fram til 1. mai.

Vernet vil, uansett alternativ, avgrense dei framtidige moglegheitene til å hauste tare. Kostnaden for tarenæringa er redusert framtidig produksjon i området. Verknaden vil da være redusert tarehausting og vidare redusert inntekt, samtidig som det vil føre til ein redusert kostnad knytt til sjølve tarehaustinga. Den samfunnsøkonomiske verknaden vil være redusert forteneste (inntekt minus kostnad), sjå også Oslo Economics (2022).

Alternativ 1 (oppstartsmeldinga frå 2017) og alternativ 3 (Statsforvaltarens tilråding, men med tillate tarehausting også i sør) medfører at tarenæringa misser tilgangen på haustingsfelta i Vest, sjå Figur 6-1. Det inneber at dei misser tarefelt som gir 660 tonn stortare i gjennomsnitt per år. Dette betyr tapt forteneste på om lag 560 000 kroner i gjennomsnitt kvart år.

Alternativ 2 (Statsforvaltarens tilråding med forbod mot hausting i vest og sør) inneber at næringa misser tarefelt som gir 2 260 tonn stortare i gjennomsnitt per år. Dette betyr tapt forteneste på om lag 1,9 millionar kroner i gjennomsnitt kvart år.

Det er også ein grad av usikkerheit knyta til disse berekningane. Voluma som blir hausta i ein 5-års syklus vil variere og det er ein stor grad av fleksibilitet i drifta. Det er også eit nytt marknad i vekst, kor ein ser at etterspørsel er stor. Det er mogleg at det vil komme nye aktørar og økt press på tareressursen.

6.5.2 Naturarv og ikkje-bruksverdiar (naturmangfald)

Nullalternativ

I området rundt Stad er det registrert fleire nasjonalt viktige og svært viktige naturtypar. Blant anna blautbotnområde, ålegras, skjelsand og stortareskog. Det er registrert korallar på vestsida av Stadhalvøya og fleire område med korallskog/djupvasskorallar sør for Stadhalvøya ved Sildegapet. Landskapet og naturmangfaldet bærer preg av at det er eit spesielt vêrhardt område. Naturverdiane innanfor det føreslegne verneområdet er nærmare beskrive i kapittel 2.3**Feil! Fant i kke referansekilden.**.

Utanom tarehausting (jf. kap. 6.5.1) er det ikkje planlagt inngrep i området som påverkar verneverdiane. Det blir fiska i liten grad med aktive reiskap. Det fiskes med snurrevad, og det er registrert reketrålingsfelt på vest- og sørsida av Stadhalvøya som ikkje har vore i bruk dei siste åra.

Ifølgje ein rapport frå Havforskningsinstituttet om berekraftig tarehausting (Nordrehaug, m.fl., 2021), er stortare vår viktigaste marine makroalge, og Norge har Europas største bestandar av denne arten (jf. rapportens faktaboks 1). Taren dannar tette skogar i bølgeeksponerte områder langs Norskekysten. Tareskogane har høg biomasseproduksjon og den stive, oppretta stilken skaper eit tredimensjonalt miljø som er tilhaldsstad for mange ulike marine organismar. Meir enn 300 artar av algar og dyr er observert knytt til plantane i tareskogen, og på kvar kvadratmeter tareskog kan det finnes 100 000 små krepsdyr, sniglar, muslingar, pigghudar og børstemark. Disse dyra er hovudføda til mange av kystfiskebestandene som brukar tareskogen både som føde- og oppvekstområde. Tareskogane huser små kutlingar, fleire arter leppefisk som bergnebb som lever stasjonært, botnfisk som torsk og ulker, ung sei som beiter over tareskogen og lyr på jakt etter annan fisk. Tareskogane er også viktige beiteområde for kystnære sjøfugl som storskarv, toppskarv og teist, som jakter på unge årsklasser av sei og andre småfisk med tilknyting til tareskog (Dehnhard et al. 2021 og Hillesøy og Lorentsen 2012 gjengjeve i Nordrehaug, m.fl., 2021). Tareskogsområda ser også ut til å være en nøkkelressurs for dei sterkt

reduserte bestandane av krykkjer, alke og lomvi når dei meir pelagiske byttedyra ikkje er til stades. Også sjøpattedyr som sel og nise finner mat i og rundt tareskogen.

Ifølgje Fiskeridirektoratet[13] tek det om lag 3-5 år før tarebiomassen er restituert etter tråling. Etter 6-7 år er all flora og fauna reetablert. Dersom områda er opne kvart femte år, betyr dette at tarebiomassen truleg rekk å bli restituert, men at anna flora og fauna ikkje rekk å reetablere seg. Dette gjeld blant anna dei store mengdene organismar som lever på tarestilken.

Havforskningsinstituttet (Nordrehaug m.fl., 2021) peikar på at tråling av tare kan påverke heile økosystemet tareskog og alle artene som lever der. Det finnes ein del kunnskap om korleis taren sjølv og samfunn av små algar og dyr blir påverka og restituerast etter tråling, både frå Havforskningsinstituttet si overvaking av taretråling og frå eldre studiar. Kunnskapen om påverknad høgare opp i næringskjeda er likevel liten. Forskingsprosjektet KelpFish viste at taretråling ikkje berre har effektar på taren sjølv, men gjennom fire nivå i økosystemet opp til rovfisk, og påverkar både tareskogens biomangfald og rolle som primærprodusent og funksjon som oppvekstområde for kystfiskbestandar. Prosjektet viste likevel at taretråling representerer eit avgrensa inngrep og at ein del av tareskogen står igjen etter hausting. Resultat frå overvaking viser at tarens biomasse forventast å være restituert etter ca. 4 år, men at økosystemet tar minst 6 år for å komme tilbake etter tråling.

Resultata frå alle typar undersøkingar om korleis taretråling påverkar tareskog, må bli forstått på riktig skala for å få ei objektiv oppfatning av kva dei betyr. Inngrepet som hausting av stortare inneber, avheng av kor stor del av biomassen som blir hausta. Store effektar inne i trålgatene vil for eksempel være mindre alvorleg om berre ein liten del av skogen blir tråla i forhold til om ein stor del blir tråla. Samtidig kan effektar, og spesielt små effektar, være vanskelegare å fange opp på stor enn liten skala.

Miljødirektoratet viser til at forskrifter om hausting av tare blir revidera kvart 5. år og ikkje regulerer kor mykje som kan bli hausta. Dette inneber ein usikkerheit når det gjeld moglege effektar av hausting i framtida.

Inne i trålgatene (3 meter brede) viste KelpFish store effektar og at dei fleste store «trekronedannande» tarane var borte og berre små rekrutter sto igjen. Med dei store tarane forsvann også mange av artane algar og smådyr som lever i tareskogen og dei fleste fisk med tilknyting til tareskog, både unge og vaksne fisk. Effektane kunne på denne vesle skalaen bli målt nøyaktig og med relativt liten usikkerheit.

I rapporten frå Havforskningsinstituttet (Nordrehaug m.fl., 2021) om berekraftig tarehausting blir det vidare peika på at samla sett viser resultata frå KelpFish-prosjektet at taretråling har effektar på tareskogens funksjon som oppvekstområde for fisk, men at det meste av tareskogen står igjen med intakt økosystem. Biomassemodellen i Møre og Romsdal tyder videre på at taretråling berre rører ved ein liten del av den ståande biomasse tareskog. Dette kan likevel variere frå

[13] https://www.fiskeridir.no/Yrkesfiske/Havmiljoe/Tarehoesting

Miljø-
direktoratet

område til område og endre seg, dersom haustetrykket i framtida skulle auke (til dømes dersom fleire aktørar og/eller ny fangstteknologi kommer til) og/eller tarebestandene blir redusert (som følgje av kråkebollebeiting, klimaendringar og liknande).

I rapporten blir det vidare peika på at inngrepet taretrålinga representerer vil være stort, dersom en stor del av biomassen blir hausta og dersom restitusjonen for taren og resten av økosystemet er langsam. Det vil være mindre dersom ein liten del av biomassen blir hausta og det tar kort tid for tareskogen å restituere. Det er eit vanleg bærekraftkriterium å ikkje hauste meir enn kva plantene eller algane produserer, men tareskogens godar skal deles av mange, både smådyr, fisk, sjøfugl, sel, kval – og menneske.

Ifølgje ein annan rapport frå Havforskningsinstituttet (Steen, 2021), om tilstandsvurdering av haustefelt for stortare i Rogaland og Vestland, fekk Rogaland og Vestland i 2018 ei ny felles forskrift om regulering av tarehausting for å få ein meir samanhengande og brukarvennleg regulering av hausteaktiviteten. Omreguleringa medførte at enkelte felt, eller deler av felt, fekk ein haustesyklus som var i utakt med haustesyklusen praktisert i de gamle forskriftene, og en forkorta kvileperiode (<4 år) ved førstegangshaustinga av de nykomponerte felta. I enkelte felt rår Havforskningsinstituttet ifrå tarehausting på grunn av lav biomassetettleik av stortare, i enkelte andre felt på grunn av ujamnt vegetasjonsmønster med betydeleg innslag av under-utvikla stortareplanter. På enkelte stasjonar blei det tatt prøver som indikerer at stortareplantene samla inn i område hausta 4 år tidlegare, ikkje er forskjellig når det gjeld størrelse, men er yngre og har mindre påvekst av epifyttar, enn plantene samla inn i referanseområde.

Miljødirektoratet viser til at tare også er viktig for sjøfugl, da dei brukar tareskogen som beiteområde. Det er ut frå dagens kunnskapsgrunnlag usikkert i kva grad tarehausting påverkar sjøfugl. Vi legg til grunn at tarehausting påverkar sjøfugl i svakt negativ grad, men at verknaden er usikker.

Tareskog i den søre delen av det føreslegne verneområdet blei undersøkt av Rådgivende Biologer under kartleggingane som blei gjennomført i samband med verneplanarbeidet. Storleiken og tettleiken av tare auka i djupneintervallet 22-18 meter og frå 18 meter og opp til fjøresona var det generelt særs tett tareskog med store individ. Noko ulik aldersfordeling på tareskogen vart registrert i transektet inne ved Furestranda og Dragsvika, som bar preg av å ha blitt tråla. Ved vertikale veggar var tarevegetasjonen meir sparsam. Ved Furestranda var tareskogen relativt tett og høg, og med aukande tettleik opp mot 14 meter djup. Det var førekomst av butare, sukkertare, skolmetang og fleire artar raudalgar som kjøttblad, draugfjør og tannskåring på og blant taren. Tareskogen hadde høgast tettleik frå 14 til 2 meter djupne, som var det grunnaste punktet for transektet ved Furestranda. Gjennom transektet var det inni mellom parti med ulik aldersfordeling av tare som gjev indikasjonar på at området har blitt tråla tidlegare. Ved Dragsvika var det stadvis tydeleg spor etter ujamn aldersfordeling på tareskogen, der nokre felt bestod av store individ med mykje epifyttar, medan nokon område hadde unge og låge individ med lite epifyttvekst på tarestilken. Området bar dermed preg av å ha blitt tråla. Det var tett tareskog opp til 8 meter djupne, der transektet vart avslutta (Rådgivende Biologer AS 2019, rapport nr. 2992).

Konsekvensar av vern

Bevaring av det biologiske mangfaldet gjennom vern er viktig for økosystema. Naturmangfald er ein ikkje-bruksverdi som blir verdsett av svært mange menneske. Potensielt kan heile befolkninga i Noreg vere oppteken av å vareta naturmangfaldet, anten for eigen del eller for kommande generasjonar. Mange kan også ha stor betalingsvilje for å ivareta naturmangfaldet i området for framtida.

Det er gjort ein undersøking av Hynes m.fl. (2021) på personar over 17 år om deira betalingsvilje for å restaurere tareskog og ivareta kaldvasskorallar. Restaurering av tareskog kan gjerast på fleire måtar, til dømes gjennom fiskerestriksjonar, fjerne kråkebollar gjennom kommersiell hausting, såteknikkar med meir (Fredriksen m.fl. (2020) gjengjeven i Hynes m.fl. 2021). Hynes m.fl. undersøkte betalingsvilje for økosystemtenester forbundet med restaurering av norsk tareskog etter nedbeiting av kråkebollar. Betalinga for restaurering ble presentert som ein årleg auke i personskatt.

Dei undersøkte forskjellige scenario, med ulik mengde arter, fiskehabitat og areal av økosystema i kvadratmeter. I scenarioet med det største arealet (40 000 m^2) var betalingsviljebetalingsviljen 697 kroner (2022-kroner) per person årleg for full restaurering av tareskogen. For medium restaurering (20 000 m^2) var betalingsviljebetalingsviljen 536 kroner (Hynes m.fl. (2021) gjengjeve i Oslo Economics, 2022). Vi kan anta at betalingsviljebetalingsviljen for restaurering er tilnærma lik bevaring av tareskogen, da ein del av nytta som blir sett på er tareskog som eit fungerande økosystem for blant anna biomangfald. Sjølve betalingsviljen vil ikkje være direkte overførbar, samtidig er det usikkerheit forbunde med disse størrelsane.

Det var til dømes ein stor del av respondentane som var jamlege brukara av kysten og har god kjennskap til tareskog i Noreg. Ein såg at dei valde eit større areal for restaurering enn dei som ikkje var brukarar av kysten. Sidan det var i overkant halvparten som var aktive brukarar av vatn er det ein fare for at betalingsviljebetalingsviljen er overestimert. Samtidig ser ikkje denne studien på den totale nytten frå økosystemtenester frå tareskog, til dømes som opptak av CO_2, rekreasjonsområde, som kystbeskyttelse mm. Den ser samtidig på eit mindre totalt areal for tarerestaurering enn total mengde av tareskog rundt Stadhalvøya. Kostnadane for samfunnet ved sjølve restaureringa av tareskogen, vil sannsynlegvis være høgare enn kostnadane forbunde med bevaring, slik at usikkerheita omkring betalingsviljebetalingsviljen for bevaring av tareskog kan gå begge veier. Vi antar derfor at 697 kroner per person per år er eit maksimalt anslag på betalingsvilje.

Aanesen m.fl. (2015) (gjengjeve i Oslo Economics (2022)) fant at betalingsviljen for å verne eit område med kaldvasskorallar som var viktig for kommersiell aktivitet og som habitat for fisk, var 3006 kroner og 3149 kroner (2022-kroner) per hushaldning, per år, for høvesvis eit lite og eit stort område. Betalingsviljen var høgare dersom området var attraktivt for kommersiell aktivitet som fiskeri og petroleumsindustrien (Oslo Economics, 2022).

Begge desse studiane viser at det er ein betydeleg betalingsvilje for vern av korallar og tareskog. Det er uvisse om i kor stor grad desse undersøkingane kan overførast til det føreslegne vernet ved Stad.

Miljødirektoratet vurderer at konsekvensen av vern for alternativ 1 (Oppstartsmeldinga frå 2017) og alternativ 3 (Statsforvaltarens tilråding, men med tillat tarehausting også i sør) er vanskeleg å skilje. Konsekvensane for økosystemet tare vil være lik, da det er likt areal som det vil kunne bli hausta frå. Likevel vil alternativ 3 ha ein høgare positiv konsekvens for naturverdiane, då eit større område blir verna, blant områder med korallskog ved Sildegapet. Dette vil også gjelde for alternativ 2, samtidig som ein vil ivareta ein større del av tareskogen ved Stadlandet. Då vil få ein samanhengande tareskog langs heile vestsida av Stadhalvøya med dei positive verknadane for biomangfaldet dette gir.

Vi leggjar til grunn at heile Norges befolkning er påverka av alle dei tre alternativa, med ein større, og lik, påverking per påverka for alternativ 2 og 3. Konsekvensen av vern for alternativ 1 og 3 vurderer vi til middels til stor positiv samanlikna med nullalternativet, og alternativ 2 vurderast til stor positiv konsekvens. Det er ein stor grad av usikkerheit knyta til konsekvensen av tarehausting på økosystemet tareskog.

6.5.3 Andre økosystemtenester

6.5.3.1 Friluftsliv, rekreasjon og naturbasert reiseliv

Stad vert nytta mykje i friluftslivs- og reiselivssamanheng både i og utanfor vernegrensa langs strandsona. Det er eit populært område for blant anna fritidsfiske, surfing og dykking. Det er òg mange turistbedrifter og næringar som får inntekt frå tilreisande på og kring Stad, til dømesbedrifter som driver med utleige av rom, surfeutstyr, turistfiske mv. Med gode bølgjeforhald i Ervika og i Hoddevika har Stad vorte eit eldorado for surfeentusiastar, og fleire verksemder har næringa si i surferelatert overnatting, kursing og utleige. Det er også populært for turistar å leige seg båt og fiske i sommarsesongen. Det er aktivitet knytt til dykking i hovudsak i dei grunnare områda langs land.

I kommuneplanens arealdel for sjøareala står det at kystlinja i kommunen er eit attraktivt friluftsareal, og det er kartlagt viktige friluftsareal i strandsona og i deler av sjøareala. Dei som er kartlagt innafor foreslått verneområde (alle alternativa) er; Seljesanden, Liset/Skårbø, Drage og Furestranda, Hoddeviksanden og Erviksanden. Det er også fleire naust langs sjøen som er i bruk til småbåtar.

Korleis vernet av sjøarealet vil påverke bruken av området til rekreasjon, friluftsliv og naturbasert reiseliv er usikkert. Mykje av slik aktivitet er basert på ferdsel, og det er ikkje foreslått restriksjonar på dette. Det er derfor lite sannsynleg at verneforslaget vil føre til ein avgrensing av bruk av området, men vern vil kunne bidra til å bevare området til framtidig rekreasjon og friluftsliv. Litteratur viser at befolkninga verdsett friluftsliv og rekreasjon høgt, sjå blant anna Oslo Economics (2022). For Stad legg vi til grunn at det er hovudsakeleg lokal og regional befolkning

som vil bli ramma av vernet. Vi legger videre til grunn at det er en neglisjerbar til liten positiv påverknad på friluftsliv og rekreasjon ved alle tre alternativ, da vi vurderer forskjellen mellom disse til å være marginal. Samtidig verdset befolkninga friluftslivet høgt, og Stadområdet er vurdert som eit svært viktig friluftsareal. Vi vurderer derfor den samla konsekvensen av vern på rekreasjon og friluftsliv til å ha en liten positiv konsekvens, med ei lita uvisse mot middels positiv konsekvens.

6.5.3.2 Kulturminner og kulturmiljø

Stad er eitt av dei mest eksponerte kystområda på farleiene mellom nord og sør, og alle forliste skip på sjøbotnen utanfor land vitnar om denne kampen mot storm og uvêr som kan komme brått på. Det er registrert ei rekkje kulturminne innanfor kandidatområdet, og det kan være fleire som ikkje er oppdaga. Det ligg ca. 15 registrerte skipsvrak innafor foreslått verneområde (166,7 km^2), kor eit er automatisk freda (Riksantikvaren). Det er mogleg at det er kulturminne som ikkje er oppdaga. Stadhalvøya og sjøområdet rundt er registrert som verdifullt kulturlandskap med nasjonal verdi. Varetaking av kulturminne og kulturmiljø er regulert i kulturminnelova.

Det føreligg ein risiko ved skade på kjente og ukjente kulturminne ved fysiske inngrep og tiltak i området. Vern vil gjennom å hindre slike inngrep også beskytte kulturminne i sjøen. Verneforskrifta har ein regel som hindrar anlegg og inngrep som kan øydeleggje kulturminna, jf. § 3. Der er òg ein spesifisert dispensasjonsbestemmelse om istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne, jf. § 5 bokstav e. Vi vurderer at vern av sjøarealet har en neglisjerbar konsekvens i alle tre alternativa samanlikna med nullalternativet. Med ein usikkerheit mot ein liten positiv konsekvens, da det er eit område som er definert som eit nasjonalt viktig kulturmiljø i kommuneplanen, og vernet kan bidra til å beskytte kulturmiljøet for framtida.

6.5.3.3 Kunnskap og læring

Miljødirektoratet vurderer at det har stor verdi å ta vare på eit utval representative marine områder for framtidig forsking og kunnskapsutvikling. Dette er nært relatert til verdiane knytt til naturmiljø. Det går fram av § 1 i forslaget til verneforskrift at det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som studieområde for forsking og overvaking, medrekna referanseområde for å kunne studere effektar av tarehausting. Dessutan er eit av måla for områdevern at verneområde skal bidra til bevaring av referanseområde for å følgje utviklinga i naturen (naturmangfaldlova § 33).

Ved alternativ 2, kor ein ikkje vil hauste tare på heile vestsida av Stadhalvøya (vest for Stålet) kan ein sjå effekten av å ikkje hauste tare i eit mindre eksponert areal enn dei eksisterande referanseområda. Samla sett vurderer vi at i alternativ 2 har vernet ein liten positiv konsekvens, og i alternativ 1 og 3 er denne konsekvensen mindre og neglisjerbar. Det er likevel usikkert kor stor forringelsen vil være i nullalternativet.

6.5.3.4 Erosjonsbeskyttelse – Bølgedemping

Klimaendringane fører med seg eit villare og våtare vêr. Vi forventar difor ei auke i bølgar på kysten av Noreg, og Stad. Ifølge Nordrehaug m.fl. (2021) og Oslo Economics (2022) har tareskog bølgedempande effektar. Dermed bidreg tareskog til å ta vare på kaianlegg, moloar og anna infrastruktur nært sjøen. Bølgedempingseffekten er likevel truleg liten ved kraftige bølger i

ekstremvêr, og det er uver som har størst skadepotensial med tanke på erosjon. Dempinga viser seg å være størst på grunt vatn, og forskrifta om hausting av tare har allereie forbod mot å hauste tare på grunnare sjø enn to meter. Vi vurderer det slik at tareskogen gir ei viss bølgedempande effekt på kaiar, moloar, infrastruktur på Stad, men at effekten er svært usikker og truleg lav.

6.5.3.5 Klimaregulering – karbonopptak

I tare blir karbonet lagra i sjølve planten. Langtidslagring oppstår når tare av ulike grunnar løsnar og blir liggande på havets botn, til dømes ved stormhausting. NIVA vurderer[14] at effekten av taretråling på karbonopptak sannsynlegvis er liten. Stående biomasse blei i 2010 berekna til 80 mill. tonn biomasse, men kan potensielt være 178 mill. tonn utan nedbeiting og overgroing. Dette inneber ein differanse på nær 100 mill. tonn. Til samanlikning er reduksjonen i stående biomasse grunna taretråling på 40 000 tonn biomasse (16 000 tonn CO_2) om en regner med full gjenoppbygging av biomassen over 4 år. I litt eldre rapporter er biomassen av tareskog berekna til mye lågare tal, og berekningane ga da også betydeleg større effekt av tråling (4 % av biomassen), men berekningsmodellane er nok blitt mykje betre sidan den gang.

6.5.3.6 Framtidig bruk av kjende og ukjende økosystemtenester

Vern betyr at ein unngår at eit område blir forringa, og på den måten tar vare på verdiar, også de vi i dag ikkje har kunnskap om finnes i områda eller som i dag ikkje blir brukt. Ny informasjon vil kunne bli tilgjengeleg gjennom teknologisk utvikling eller forsking, slik at økosystema kan brukast på måtar vi ikkje kjenner til i dag, eller nye økosystemtenester kan bli oppdaga innanfor eit område. Slike verdiar kallast opsjonsverdiar eller kvasiopsjonsverdiar.

Et typisk eksempel på slike verdiar er soppen som i 1969 ble funnet på Hardangervidda, og som i dag er avgjerande til bruk i organtransplantasjonar for å redusere risikoen for organavstøyting (Svarstad m.fl. 2020, gjengjeve i Oslo Economics, 2022). Vern fungerer som ei forsikring mot øydeleggingar av viktige økosystemtenester for framtida, som vi ikkje kjenner nytten av i dag. Det er vanskeleg anslå verdien av slike ukjende verdiar, og sannsynet for at det er slike rundt Stad, men antar at effekten av vern vil være positiv, men liten. Skilnaden mellom dei tre alternativa er liten, kor den positive effekten vil være noko større for alternativ 2 og 3 ettersom arealet er større. Konsekvensen har ein stor usikkerheit begge vegar.

6.5.4 Fiskeri og akvakultur

Nullalternativ: Det er i dag fiske med snurrevad i vikene rundt Stadlandet. Fartøya som driv med snurrevad i området er relativt små og bruker små og lette nøter. Dette er eit av dei mest vêrharde områda på kysten, med fiskefelt på relativt grunt vatn der havbåra og sjøgang i dårleg vêr fører til endringar på havbotnen uavhengig av fiskeriaktiviteten (flytting av sand frå område til område, og endring av store og små sandbankar). Alle felta er like viktige for fisket.

Opplysningar frå Statsforvaltaren tilseier at fiske med snurrevad (som framleis vil vere tillate etter forslaget til verneforskrift) går føre seg i eit avgrensa omgang og i andre delar av området enn der det er registrert korallar og anna sårbart naturmangfald.

[14] Rapport fra 2010

Det er også annan tradisjonell fiskeriaktivitet som krabbefiske, garn, teiner, line, med meir. Det er ikkje tråling av botnfisk i området, så langt vi har fanga opp. Det er registrert rekefelt på kart, men vi ser ingen aktivitet der i dag, då det generelt er mindre reker langs Norskekysten no enn tidlegare, men det kan verte aukande interesse for dette seinare. Deler av rekefeltet overlappar med området sør for Stadhalvøya, der det er funnet korallar (ved Sildegapet).

Fiske med passive reiskap (snøre, teine, ruse, garn, line) går føre seg i dei grunnare områda langs Stadlandet. Ca. 40-50 fartøy driv vinterfiske utanfor Stad med garn og line (40-50 fartøy x 1-3 personar). Om lag 30 kystnotfartøy fiskar etter sild om vinteren og etter makrell om hausten. Fisket går føre seg ofte frå "fjøresteinane" og utover. Laksefiske med kilenot og hummarfiske med teiner er viktig for dei som er busette i bygdene på ytre Stad, og som driv kombinasjon småbruk/sjarkfiske. Over 15 gardsbruk i bygdene har dette fisket som attåtnæring (alle tala i avsnittet er henta frå oppstartsmeldinga).

Det er registrerte lokalitetar for låssetjingskassar både i Honningsvågen (utanfor verneområdet) og i utkanten av Hoddevika (innanfor verneområdet). Dei blir brukt til oppbevaring for både sei, sild og makrell etter fangst rundt Svinøya som ligg 16 km lengre ut i havgapet.
Det er ikkje havbruk i form av akvakultur i kandidatområdet i dag. Det nærmaste anlegget er på Beitveit. Dette ligg litt nord for Leikanger, om lag 4 km unna tilrådd vernegrense i luftlinje. Vi kan ikkje sjå at Stad marine verneområde kjem i konflikt med eksisterande eller avsett område for akvakultur i Stad kommune sin kommuneplan.

Konsekvensar av vern: Vernet kan ha ein påverknad på moglege framtidige næringar. Til dømes akvakulturverksemd, som vil være forbode etter den føreslegne verneforskrifta. Forvaltingsstyresmakta har ifølgje forslaget heimel til å gi dispensasjon til akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet.

Det er ei lita mengde menneske som blir ramma innafor fiskeri og akvakultur som følgje av vernet, hovudsakeleg eventuelt framtidig fiske med aktive reiskap eller ønske om å etablere akvakultur innafor området. Framtidige inntekter vil da kunne bli negativt påverka. Det er føreslegen ein spesifisert dispensasjonsregel for akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet i forskrifta. Den negative verknaden på fiskeri og akvakultur vurderer vi derfor som neglisjerbar, men med usikkerheit mot negativ påverknad.

I alternativ 2 kan det bli ein potensiell liten positiv effekt for fiskeri ved forbod mot tarehausting også sør i verneområdet. Denne verknaden er veldig usikker og usikkerheitene kan gå mot neglisjerbar eller liten positiv. I alternativ 1 og 3 vil den positiv effekten være mindre og går mot neglisjerbar.

6.5.5 Sjøfart, tekniske installasjonar og fysiske inngrep

Nullalternativ: Det er omfattande skipstrafikk forbi Stad per i dag, med både hovudleiar og bileiar. Lasteskip så vel som cruisebåtar må forbi dette vêrharde kystavsnittet på si ferd langs Norskekysten. Det er registrert fire hovudleiar: 1523 Måløysundet – Stadhavet, 1528 Rundeleia,

1531 Bukketjuvane-Flåvær og 1533 Vagensgapet-Vartdalsfjorden. Bileder 2356 Fureneset-Vossaskallen-Sanden og 2358 Honningsvåg. Det er ingen registrerte ankringsområde. Det er arbeid på gang med å lage skipstunell, noko som vil endre på trafikkmønsteret langs leia. Den planlagde tunnelen ligg langt unna det føreslegne verneområdet[15]. Vernegrensa er trekt utanfor registrerte fiskerihamner som Eltvik, Honningsvågen, Ervik, Hoddevik, Indre Fure, Køyla, Ytre Drage og Skorbøen. Hamna i Ervik er i tillegg i bruk som småbåthamn.

Det er fleire stakar på skvalpeskjær, samt større navigasjonsinstallasjonar som eit lyktehus på søyle på Buholmen, ei lysbøye med namn Gamla i Sildegapet og ei lanterne på stang med namn Strandaflua ved innseglinga til Honningsvågen i kandidatområdet. Det er andre navigasjons-installasjonar på land.

Det har ikkje kome kunnskap om eksisterande sjøleidningar, kablar eller andre planar om framtidige tekniske installasjonar i området, utanom det som er spelt inn i oppstartsfasen eller det som er synleg på offisielle kartbasar som til dømes fylkesatlas.

Konsekvensar av vern: Verneforskrifta setter forbod mot å utføre tiltak på sjøbotn. Sjølve fiskerihamnene med moloar er trekt utanfor vernegrensa, men det kan være behov for å vedlikehaldsmudre inn til hamnene. Til dømes er det behov for vedlikehaldsmudring i innseglinga til Honningsvågen jamleg. Slike tiltak vil krevje dispensasjon dersom dei kommer innafor vernegrensa og må søkast om etter verneforskriftenes § 5 h. Oppføring av nye navigasjonsinstallasjonar og andre farleistiltak vil ikkje være tillate og slike tiltak vil krevje dispensasjon etter verneforskrifta § 5 a. Dette vil krevje ein kostnad i form av meir tidsbruk i planlegging av prosjekter. Det kan også komme ekstra kostnader i samband med eventuelle fordyrande vilkår satt av omsyn til verneverdiane.

Verneforskrifta er ikkje til hinder for å gjere vedlikehald på eksisterande sjømerke, andre navigasjonsinstallasjonar eller eksisterande sjøkablar. Ved behov for oppføring av nye sjømerke, navigasjonsinstallasjonar og sjøkablar krevjast det dispensasjon etter § 5 i verneforskrifta. Dette vil krevje ein kostnad i form av auka tidsbruk. Liten negativ konsekvens i begge alternativ.
Med nokre unntak vil det etter verneforskrifta vere forbode med tiltak på sjøbotn. Det vil føre til ein negativ konsekvens i form av at tiltak vil få ein auka kostnad i tid ved å søkje dispensasjon og eventuelt at tiltak ikkje vil kunne bli utført. Denne konsekvensen er noko større for alternativ 2 og 3 sidan det påverka arealet er større. Det er per i dag ingen planlagde tiltak i verneområdet og graden av konsekvens er usikker. Sida det er dispensasjonsmoglegheit og ikkje mange som er råka, vurderer vi konsekvensen som liten negativ. Det er usikkerheit på nedsida og oppsida, og vi vurderer at konsekvensen kan vere både neglisjerbar og middels negativ.

6.5.6 Administrative og forvaltningsmessige kostnadar

Områdevern vil krevje at det blir utarbeida ein forvaltningsplan. Kostnader for dette er estimert i storleiksorden 0,5 mill. kroner som en eingongskostnad. I tillegg kan det komme nokre mindre kostnader til sakshandsaming knyta til vernet, ved handsaming av blant anna

[15] https://www.kystverket.no/sjovegen/stad-skipstunnel/

dispensasjonssøknadar. Verneområdet er av ein mindre størrelse, og vi legg til grunn at det ikkje vil være behov for ein ny stilling for å ivareta sakshandsaminga, men at det vil inngå i Statsforvaltarens daglege drift. Vi legg til grunn at administrative og forvaltningsmessige kostnadar er like i alternativ 1, 2 og 3. Meir om dette og forvaltingsmyndigheit i kap. 7.2.

6.6 Samla vurdering av ulike verknadar

Dei positive og negative verknadene er samla i Tabell 2 under. Konsekvens blir målt på ein skala frå svært stor negativ til svært stor positiv.

Miljø-
direktoratet

Tabell 2: Oppsummering av positive og negative verknadar

	Nullalternativ	Alt. 1 – SFs oppstartsmelding	Alt. 2 – SFs tilråding – forbod mot tarehausting i vest og sør	Alt. 3 – SFs tilråding, men tillèt tarehausting i sør
Positive verknadar:				
Naturarv og ikkje-bruksverdi	-	**Middels til stor positiv konsekvens.** Hovudsakeleg ikkje-bruksverdiar. Svært mange påverka og høg betalingsvilje for å verne. Fleire naturtypar som har høy nasjonal verdi.	**Stor positiv konsekvens.** Same vurdering som alternativ 1, men større område vert verna (inkl. områder med korallskog) og meir nasjonalt viktig tareskog blir bevart. Vurderer derfor ein noko større positiv konsekvens av vern.	**Middels til stor positiv konsekvens.** Same vurdering som alternativ 2, men noko mindre positiv konsekvens da tareskogen ikkje er beskytta når tarehausting er tillat. Sidan areal er større og er nytta noko større enn i alternativ 1.
Andre økosystemtenester (kulturminner og kulturmiljø, friluftsliv, rekreasjon og naturbasert reiseliv, kunnskap og læring)	-	**Neglisjerbar til liten positiv konsekvens.** Vern vil beskytte området for bruk også i framtida, samt ha en positiv effekt på naturbasert reiseliv. I tillegg ein begrensa positiv effekt på framtidig kunnskap og læring. Konsekvensen er usikker, men i positiv retning.	**Liten positiv konsekvens.** Lik vurdering som i alternativ 1, men ein noko større positiv nytte av vern. Det er eit større areal som blir verna og tatt vare på for framtida. Konsekvensen er usikker, i begge retningar.	**Neglisjerbar til liten positiv konsekvens** Lik vurdering som alternativ 2, men marginal mindre positiv konsekvens da tareskogen ikkje blir urørt. Konsekvensen er usikker i begge retningar.
Fiskeri og akvakultur	-	**Neglisjerbar til liten positiv konsekvens.** Det er hovudsakeleg eventuell framtidig fiske eller havbruk som blir ramme av vernet. Ved å ivareta større del av naturmangfaldet vil ein kunne få betre oppvekstområde for fisk og økt fiske. Usikkerheit i begge retningar.	**Neglisjerbar til liten positiv konsekvens.** Lik vurdering som alternativ 1, men med ein noko større positiv konsekvens ved at ein større del av tareskog, og dermed oppvekstområde for fisk blir bevara.	**Neglisjerbar til liten positiv konsekvens.** Lik vurdering som alternativ 1.
Negative verknadar:				
Tarencæringa	-	Kostnad: 560 000 NOK i tapt forteneste per år	Kostnad: 1,9 millionar NOK i tapt forteneste per år	Kostnad: 560 000 NOK i tapt forteneste per år
Sjøtrafikk, tekniske installasjonar og fysiske inngrep	-	**Liten negativ konsekvens.** Få aktørar, ingen utbygging i dag. Vil krevje økt tidsbruk til dispensasjonssøknadar, og ein risiko for at nokon tiltak ikkje vil kunne la seg gjennomføre. Usikkerheit i begge retningar.	**Liten negativ konsekvens.** Lik vurdering som alternativ 1. Marginalt større negativ konsekvens, da det påverka arealet er større.	**Liten negativ konsekvens.** Lik vurdering som alternativ 2.
Adm og forvaltnings-messige kostnader		**Liten negativ konsekvens.**	**Liten negativ konsekvens.** Same som alternativ 1	**Liten negativ konsekvens.** Same som alternativ 1 og 2.
Samla rangering	**4**	**3**	**1**	**2**
Samla vurdering		Nytten ved ivaretaking av dei nasjonale verdiane i området framstår høgare enn kostnadane for næringa. Alt 1 er betre enn nullalternativet.	Alt. 2 gir høgare kostnadar for tarencæringa enn Alt.3 pga forbod i sør, men samstundes høgare nytte (tareskogen blir bevart). Vanskeleg å skilja Alt. 2 og 3, men vurderer at høgare nytte av naturverdiar og økosystemtenester gjer at Alt 2 er betre.	Liknar på alternativ 1. Kostnadane er om lag like (like reglar for tarencæringa), men nytta er høgare (større område som vert verna). Alt. 3 er dermed betre enn Alt. 1. Redusert nytte av vern på naturverdiar og økosystemtenester ved å tillate meir tarehausting.

Dei tre alternative innretningane for vernet blir antekne å ha hovudsakleg same typar konsekvensar for samfunnet, men med noko ulik storleik. Fleire av konsekvensane er ubetydelege eller små. Dei sentrale avvegingane mellom alternativa er knytt til positive konsekvensar for naturverdiane og negative konsekvensar for tarenæringa. Den samla vurderinga er at marint vern av Stad har ein høgare nytte enn å ikkje verne, og alle alternativa er derfor betre enn nullalternativet.

Området rundt Stad blei av rådgivande utval peika ut som verdifullt og med kvalitetar av nasjonal betydning. Desse verdiane og kvalitetane er presentert over. Kostnadane ved alternativ 1 dreier seg i hovudsak om tapt forteneste for næringa på om lag 560 000 kronar i året. Etter vår vurdering er nytta ved å verne området i alternativ 1 klart høgare enn kostnadene. Samstundes har alternativ 1 det minste føreslegne vernearealet (114,4 km^2) og omfattar derfor mindre variasjon når det gjeld naturtypar og naturtilhøve. Det kjem dårlegast ut frå naturverdiar og nytte av økosystemtenester. Til dømes omfattar alternativet ikkje djupvassrenna med mellom anna korallførekomstar sør i området. Derfor vurderer vi at alternativ 1 har lågast nytte samanlikna med alternativ 2 og 3.

Same som alternativ 1, er alternativ 3 det minst inngripande overfor tarenæringa. Konsekvensen er lik for begge alternativa ettersom tarehausting er tillat i delområde sør og i delområde aust. Samanlikna med alternativ 1, inneber alternativ 3 ei utviding av det verna området mot sør og eit totalareal på 166,7 km^2. Dette inneber at meir verdifull natur og ein større variasjon av naturtypar vært beskytta for framtidige generasjonar. Vi ser det gir auka nytte at området sør for Fureneset (utvidingsområdet) inngår i verneområdet, særleg på grunn av den generelt rike makrofaunaen på djup sjøbotn, med mellom anna korallførekomstar, svampar, sjøanemone og sjøfjør, og tareskogsførekomstane i grunnare deler av dette området. Etter vår vurdering er alternativ 3 betre enn alternativ 1, ettersom kostnadane er like, men nytta er høgare i alternativ 3.

Alternativ 2, Statsforvaltarens tilråding, og alternativ 3 er like i geografisk utstrekning. Forskjellen er at det er forbod mot tarehausting i område Sør i alternativ 2, mens dette er lovleg i alternativ 3. Forbodet mot tarehausting gjer tapt forteneste for næringa, men nytte i form av intakt tareskog. For å vurdere dette gjer vi ein "break-even"-vurdering og sett desse verknadane opp mot kvarandre. Forbodet inneberer at haustingsvolumet reduserast med 8 000 tonn, noko som tilsvara tapt forteneste på om lag 1,4 millionar kroner. Ut i frå ein nasjonal målestokk, er dette relativt låge kostnadar.

Nytta av forbodet inneber at stortareskogen i område Sør ikkje vil bli tråla kvart femte år. I løpet av minst 6 år frå siste tråling vil tareskogen komme tilbake til sin naturlege form som ein stortareskog av høg kvalitet med nasjonal interesse. Som omtala i kapittel 6.5.2, vart det i 2021 presentert ein undersøking om betalingsvilje for å restaurere tareskog. Betalingsvilja for medium restaurering av eit område på 20 000 kvadratmeter var 536 kroner per person over 17 år. Stortareskogen i område Sør ved Stad er meir enn 200 gongar større enn arealet som blei bruka i undersøkinga. Det er knytt stor usikkerheit til talet på 536 kroner og det er ikkje direkte overførbart til tareskogen ved Stad. Likevel gir det ein indikasjon på storleiken av nytta og

kostnaden. Ved å bruke undersøkinga og tal for Noregs befolkning over 17 år[16], gir restaurering av tareskog ei samla betalingsvilje på om lag 2,3 milliardar kroner. Til tross for usikkerheit, gir dette tydeleg signal om at verdien av intakt tareskog er stor, og vi vurderer den som større enn kostnaden. Alternativ 2 er etter vår vurdering betre enn alternativ 3.

Etter ei samla vurdering av ulike samfunnsøkonomiske verknadar, meiner Miljødirektoratet at alternativ 2 er den beste innretninga for marint vern ved Stad.

7 Forvaltnings- og budsjettmessige vurderingar

7.1 Forvaltningsstyresmakt

Miljødirektoratet er innstilt på at Statsforvaltaren blir forvaltningsstyresmakt, sjå vurdering i kap. 5.2.8.

7.2 Forvaltningsplan og kartlegging

Forvaltingsplan for området må bli utarbeida snarast mogleg etter vernevedtak, slik at ein har eit godt planverktøy for å forvalte verneområdet. I samband med dette vil det også vere behov for nærmare kartlegging av naturmangfaldet i området, som grunnlag både for overvaking av tilstand, bruk av området som referanseområde, vurdering av tiltak for å ivareta verneverdiane og handsaming av dispensasjonssøknader. I sum vil dette bidra til ei meir treffsikker forvaltning av verneområdet.

7.3 Kostnader, medrekna erstatning

Utarbeiding av forvaltningsplanar vert finansiert over kap. 1420.21. Kartlegging kan finansierast over kap. 1420.32.

Kostnader ved utarbeiding av forvaltningsplanar varierer frå område til område, og avheng mellom anna av områda sin storleik og kompleksitet når det gjelder brukarinteresser. Røynsler frå arbeid med forvaltningsplanar for dei marine verneområda Gaulosen, Rødberget og Saltstraumen, tilseier ein kostnad i storleiksorden 0,2-0,4 mill. kr. Fordi Stad omfattar et større område, tilseier dette ein samla eingongskostnad i storleiksorden 0,5 mill. for det føreslegne verneområdet.

Kostnader ved kartlegging av naturmangfaldet varierer også frå område til område, og avheng av områda sin storleik, kompleksitet når det gjelder naturforhold og kor detaljert kartlegging det blir lagt opp til. Ein annan faktor er kor godt områda er kartlagt på førehand. For dei fleste vedtekne og føreslegne marine verneområde, har dette omfatta innhenting av eksisterande kunnskap og kartlegging med sikte på å identifisere aktuelle område som kan bidra til eit representativt vern. For å oppnå ei treffsikker forvaltning, krevjast meir detaljerte kartleggingar. Kostnaden ved kartlegging av Saltstraumen marine verneområde, var ca. 1 mill. kr. Noko av denne kartlegginga vil også kunne være aktuell under nullalternativet.

[16] Befolkning i Noreg ved utgangen av 2022: 4 317 747 – SSBs befolkningsstatistikk

Eventuelle utgifter til erstatning og gjennomføring av en eventuell erstatningsprosess, samt merking og oppsetting av skilt, vert føresett dekka innanfor løyving under kap. 1427 post 32. Utgiftene pr. område er no vurdert til 0,2 mill. kr i gjennomsnitt. Det føreslegne verneområdet omfattar i avgrensa grad privat grunn.

8 Miljødirektoratets tilråding

Miljødirektoratet har vurdert tre ulike alternativ i tillegg til nullalternativet: Oppstartsmeldinga, i tråd med rådgjevande utval si anbefaling, Statsforvaltarens høyringsforslag med forbod mot tarehausting vest for Stålet og Statsforvaltarens høyringsforslag utan forbod mot tarehausting aust for Stålet og det utvida område i sør.

Stad er et viktig område for tarenæringa, særleg den sørlege delen. Opplysningane frå Dupont Nutrition Norge tilseier at det er utvidingsområdet i sør som er aller viktigast for tarenæringa; meir enn 60 prosent av det anslege haustevolumet gjeld dette området. Stad kommune ønsker forbod mot tarehausting i heile det føreslegne verneområdet.

I forslaget til verneforskrift for Stad inngår tareskog eksplisitt i verneføremålet, og det går fram av forskrifta at området skal kunne tene som eit referanseområde for å kunne studere effektar av tarehausting. Hensikten med å ta inn tareskog i føremålet, er å ta vare på tareskogen inkludert dei økologiske funksjonane og den naturlig tilhøyrande floraen og faunaen. Dagens kunnskap om hausting av stortare (taretråling), tilseier at denne aktiviteten har effektar for tareskogen som økosystem, jf. gjennomgangen ovanfor. Det følgjer av naturmangfaldlova § 39 at i eit verneområde i sjø må ingen foreta seg noko som forringar verneverdiane angitt i verneføremålet. I forslaget til verneføremål står det at det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad. Av omsyn til tarenæringa, har det gjennom heile prosessen likevel vært signalisert at hausting av stortare skal vere lov aust for Stålet (delområde Aust). I denne delen av området er det også andre viktige naturtypar og verneverdiar enn tareskog, til dømes store skjelsandførekomstar. Vår vurdering er at også området aust for Stålet bør bli verna, sjølv om de blir opna for hausting av stortare.

Etter ei samla vurdering der måloppnåing med tanke på langsiktig, representativ bevaring, omsynet til verneføremål/-verdiar, samfunnsøkonomisk vurdering og innspel som er kome i prosessen er teke i betraktning, tilrår vi alternativ 2. Vi sluttar oss dermed til Statsforvaltarens tilråding både når det gjeld avgrensing av området og restriksjonar på hausting av stortare. Vi føreslår forbod mot hausting av stortare i heile området vest for Stålet (inkl. utvidingsområdet), medan det blir lov aust for Stålet.

Vi viser for øvrig til at det som grunnlag for gjennomføring av verneplanprosessar skal bli lagt vekt på lokalpolitisk semje. Både Stad kommune og Kinn kommune er positive til vern.
I vernesaker førekjem det motstand mot vern på grunn av omsyn til framtidig aktivitet og utvikling, sjølv om vern har liten negativ betyding for dagens og planlagt bruk. I nokre tilfelle må dette sjåast på som ein prinsipiell motstand mot vern av område i seg sjølv. For Stad har det vore

lite motstand. Med unntak av nokon interessentar, visar høyringsuttalane ein meir positiv haldning til vern.

Ifølgje naturmangfaldmeldinga skal det leggast vekt på lokalpolitisk semje som grunnlag for gjennomføring av verneplanprosessar. I meldinga om bevaring av viktige områder for marin natur (Meld. St. 29 (2020-2021), blir det peika på at:

> *Marine verneområde eller andre bevaringstiltak skal etablerast i samspel mellom statlege og kommunale styresmakter og relevante interessegrupper. Det er gjort ulike erfaringar med verneprosessar. Nokre gonger fungerer dette samspelet svært bra frå starten av. Andre gonger fell det på plass i løpet av prosessen etter kvart som innhaldet i tiltaka blir klargjort. I nokre tilfelle har verneprosessane vore prega av at kommunen og statlege styresmakter har vore usamde om vernet. Dette kan ha opphav i ulike prioriteringar for korleis områda skal disponerast. Det kan òg handle mellom anna om misoppfatningar om eller at det er uklart kva vernet vil innebere for bruken av området og den framtidige utviklinga.*

I Innst. 557 S (2020-2021) viser energi- og miljøkomiteen blant anna til at i prosesser med marine verneplanar i kystnære område skal råka kommunar og fylkeskommunar sine synspunkt vektleggast.

Gjennom overvakinga som det leggast opp til, vil utviklinga i tilstand i forhold til verneverdiane kunne følges. Dette kan gi grunnlag for å sette i verk tiltak ved negativ påverknad av verneverdiane, samt eit betre grunnlag for å vurdere samla belastning ved handsaming av dispensasjonssøknader, jf. naturmangfaldlova § 10.

Kostnadene ved miljøforringing skal bæres av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11. Vernevedtaket i seg sjølv medfører ikkje miljøforringing. I verneforskriftene er det gjort generelle unntak frå forskriftas forbodsreglar. I unntaket for fortøying av småbåt, er det foreslått at «Fortøyingsmiddel på faste fortøyingar må være i stein eller annet materiale som ikkje forureinar». Dersom dette vil være fordyrande, vil tiltakshavar måtte dekke dette sjølv. For nokre typar tiltak har det i verneprosessen vært vurdert om det skal bli opna for tiltaket gjennom en unntaksregel i forskriften eller som eit høve til å gi dispensasjon (spesifisert dispensasjonsregel). Når valet har falt på dispensasjonsbestemmelse, så har anledninga til å kunne sette vilkår av omsyn til verneverdiane vært eit viktig argument. Det er tiltakshavar som må dekkje eventuelle meirkostnader slike vilkår medfører.

Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar er vektlagt i verneprosessen i forbindelse med fastsetting av forslag til fråsegner, medrekna spesifiserte dispensasjonsreglar. Forbod mot fiske med aktive reiskap som blir slept og røyrer botnen, er døme på dette.

Prinsippa i naturmangfaldlova vil bli vurdert og vektlagt ved behandling av søknader om dispensasjon frå verneforskrifta og i arbeidet med forvaltingsplan.

Når det gjelder framtidig belastning sett den føreslegne verneforskrifta forbod mot eller regulerer tiltak og aktivitetar som blir vurdert å kunne ha negativ effekt på naturmangfaldet i det marine miljøet.

Gjennom heile verneplanprosessen er det gjort avvegingar mellom områdets verneverdiar og andre viktige samfunnsinteresser, jf. naturmangfaldlova § 14. Det vises til nærmare omtale av påverknadsfaktorar og interesser, omtale av relevante tema under kap. 5 og 6. Føreslegne verneforskrifter opnar for at pågåande aktivitetar i all hovudsak kan bli vidareført, med unntak for hausting av stortare. Gjennom avgrensing av området og gjennom direkte unntak eller spesifiserte dispensasjonsbestemmelser i verneforskrifta, er det tatt omsyn til næringsmessige interesser som hausting av marine ressursar.

Ei vellukka gjennomføring forutset at det blir avsett tilstrekkelege ressursar til eit velfungerande forvaltingssystem som støtter opp under arbeidet med langsiktig beskyttelse av verneverdiane i området. Dette omfattar utarbeiding av forvaltningsplan, kartleggingar og overvaking. God dialog med kommunane og god informasjon til brukare om verneverdiar og vernereglar er sentralt.

Vi anbefaler at Stad blir verna som marint verneområde med heimel i naturmangfaldlova § 39, og at geografisk avgrensing av området og restriksjonar på hausting av stortare (taretråling) blir i tråd med Statsforvaltarens tilråding.

Miljødirektoratet viser til vedlagte forslag til verneforskrift og kart med forslag til avgrensing. Vi viser også til kopi av Statsforvaltarens tilråding, høyringsinnspel og uttalar.

9 Referanseliste

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) (2023). *Veileder i samfunnsøkonomiske analyser*. Veileder i samfunnsøkonomiske analyser | DFØ (dfo.no)

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (2017) *Melding om oppstart av verneprosess for to marine verneområde – Stad og Dalsfjorden i Selje kommune.* Saks. nr. 2017/3311

Hynes, S., Chen, W., Vondolia, K., Armstrong, C., O'Connor, E. (2021). *Valuing the ecosystem service benefits from kelp forest restoration: A choice experiment from Norway*. Ecological Economics. https://doi.org/10.1016/j.ecolecon.2020.106833

NOU 2013: 10 (2013). *Naturens goder – om verdier av økosystemtenester.* Klima- og miljødepartementet. https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2013-10/id734440/

Nordrehaug, K. M., Brandt, C.F., Espeland, S. H., Albertsen, J., Christensen-Dalsgaard, S., Ohldieck, M. J., Christiaan van Son, T-. Knutsen, J.A., Moy, F., Steen, H. (2021) *Bærekraftig taretråling – Vurdering av bærekraftskriterier ved Vikna.* Havforskningsinstituttet rapport nr. 2021-46 https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2021-46

Oslo Economics (2022). *Teste metode for verdsetting av virkninger i naturmangfoldsaker – case verneområder.* Rapport utarbeidet for Miljødirektoratet. Rapport nr. M-2411/2022. Teste metode for verdsetting av virkninger i naturmangfoldsaker: case verneområder - Miljødirektoratet (miljodirektoratet.no)

Statsforvaltaren i Vestland (2022) *Vi tilrår vern av Stad som marint verneområde.* https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/miljo-og-klima/verneomrader/vi-tilrar-vern-av-stad-som-marint-verneomrade/

Steen, Henning (2021) Tilstandsvurdering av Høstefelt for Stortare i Rogaland og Vestland i 2021. Havforskningsinstituttet rapport nr. 2021-34 https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2021-34

10 Vedlegg

1. Forslag til verneforskrift for Stad marine verneområde
2. Kart med forslag til avgrensing
3. Statsforvaltarens tilråding
4. Kopi av høyringsinnspel og uttalar